



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden 1. etg., Rådhuset
Dato: 07.02.2017
Tid: 13:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700 eller postmottak@volda.kommune.no.

Varamedlemar får særskilt melding når dei skal møte.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 8/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 9/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 1/17	Orienteringssak Orientering om bygging av reinseanlegg ved Dalsfjord skule
PS 10/17	Bygging av skogsveg på Eidheim - Eidheimsnakken - gbr 5/5 i Volda kommune
PS 11/17	1519 gbr 128/4 - søknad om godkjenning av plan for nydyrking - André Brune
PS 12/17	Søknad om dispensasjon frå plankrav, gbr.107/4. Folkestadsætra
PS 13/17	Gbr 38/1 - oppretting av punktfeste - hytte i Aldalen - dispensasjon frå plan og jordlovshandsaming
PS 14/17	Gbr 135/2 - tilbygg til hytte - Dansen, Åmelfot (136/1) - Klage over vedtak i Forvaltningsutvalet sak 85/16
PS 15/17	Gbr 6/25 og 26 - vorpirar og flytebrygge ved naust/fritidseigedomar Klage over vedtak i sak 77/16 jf. sak 43/16 i Forvaltningsutvalet

PS 8/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 9/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Orienteringssaker

OS 1/17 Orientering om bygging av reinseanlegg ved Dalsfjord skule



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Roger Nedreklepp

Arkivsak nr.: 2016/1843

Arkivkode: V83

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

10/17

Forvaltningsutvalet

07.02.2017

BYGGING AV SKOGSVEG PÅ EIDHEIM - EIDHEIMSNAKKEN - GBR 5/5 I VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

1. Forvaltningsstyret viser til søknad frå Dag Marius Løvik Øvregård av 21.10.2016 om bygging av skogsveg i vegklasse 7, Eidheimsnakken.
Med heimel i *Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier* og *Normaler for landbruksveier*, godkjenner forvaltningsstyret søknaden om bygging.
2. Vegen skal byggast med kvalitetar, som omtala i saka, for seinare oppgradering til bilveg fram til parsellen på gnr 5/bnr 11.
3. Byggefrist 3 år frå godkjenning om bygging.

Vedleggsliste:

Søknad om bygging av skogsveg - Eidheimsnakken - gbr 5/5 i Volda

Grunnkart, gardskart og flyfoto

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune dat. 11.11.16

Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune, fylkeskonservator, dat. 09.01.17 m/kart

Saksopplysningar/fakta:

Dag Marius Løvik Øvregård har 21.10.2016 søkt om bygging av skogsveg på gnr 5, bnr 5 på Eidheim, Eidheimsnakken.

Søknaden vart 01.11.2016 sendt på høyring til Fylkesmannen, Møre og Romsdal fylkeskommune og Volda kommune.

Møre og Romsdal fylkeskommune melde 11.11.2016 om at dei vurderte den omsøkte traseen som potensial for funn av automatisk freda kulturminne, og at det vart stilt krav om

arkeologisk registrering før eventuell godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg, jf. §9 i kulturminnelova.

Arkeologisk registrering vart gjennomført hausten 2016, og fylkeskommunen melder i brev av 09.01.2017 at det vert gitt løyve til inngrep for vegbygging i samsvar med søknad. (Brev frå M&R fylkeskommune legg ved saka).

Fylkesmannen og Volda kommune har ikkje gjeve uttale til høyringa.

Naturmangfaldslova § 8-12 vart drøfta i høyringsbrevet, og etter det kunnskapsgrunnlag ein har over området der vegen skal byggast, finn ein at tiltaket ikkje er i strid med nemnde lov. Gnr 5/bnr 5 på Eidheim har etter data frå Skog og landskap eit areal på 241 da. Av dette er 134 da produktiv skog, 71 da fulldyrka og beite, 36 da er anna, uproduktivt areal. Det meste av skogen ligg i ein teig søraust for garden.

Eit eldre hus på garden vart for ei tid sidan frådelt bruket, denne parsellen er 1.5 da og denne tomta må seiast å utgjere ein del driftsulemper for eigaren av gnr 5/bnr 5. Frådelinga vart gjort før noverande eigar kjøpte bruket.

Dag Marius Løvik Øvregård og familien tok over bruket på Eidheim ved kjøp i 2016, og vil flytte dit så snart bustadhuset har fått ei oppgradering. Dei har konkrete planar om å ruste opp bruket med omsyn til bygningsmassen, og betre stell av jorda og skogen på garden.

Løvik Øvregård driv eige maskinfirma innan graving og transport, og har god røynsle frå både mindre og større anlegg på fagfeltet. Han vil difor utføre slikt arbeid på eige bruk, m.a. bygging av omsøkt skogsveg.

Eigaren av gnr 5/bnr 5 meiner den omsøkte vegen er naudsynt for ein tilfredstillande tilkomst til areala nord for tunet, her er både dyrkamark som skal stellast og nyttast, og skog som skal drivast.

Søkjar vil i første omgang bygge vegen som omsøkt. Seinare bør det være aktuelt å bygge vegen vidare i samarbeid med grannebruka for å nytte ut dei samla skogressursane som dei har.

Det hadde nok vore mest rasjonelt å bygge heile vegen no, men slik saka står har ein forståing for at søkjar alt no vil kome i gang med første etappe.

Vidare arbeider søkjar for å avløyse vegretten som den fråskilde parsellen, gnr 5, bnr 11, no har gjennom tunet på garden. Denne vegretten oppfattar søkjar som ein stor hemsko for drifta på garden. Den noverande driftsvegen er heller ikkje eigna for det utstyr som vert brukt i jord- og skogbruket i dag. Vegen er berre ein jordveg og , m.a. går driftsvegen svært nær fritidsbustaden i det tronge tunet på gnr 5/bnr 11.

Ny veg som omsøkt bør såleis medføre gevinst for begge partar:

Drift av jord og skog får tilkomst som stettar krava for å drive med maskiner som er i bruk i dag, og den fråskilde parsellen får vegtilkomst frå ny og tenleg bilveg

Der er dialog mellom partane, og etter det søkjar opplyser er også eigar av parsellen interessert i ei løysing som omtala her.

Vegen er omsøkt i vegklasse 7, traktorveg. Likevel må vegen byggast med ein kvalitet, - bærelag, stigning og vegbreidde -, som gjer den godt eigna for oppgradering til bilveg for tilkomst til gnr5/bnr 11.

Oppgradering må utførast så snart ein har tinglyst avtale om avløyning av gamal vegrett, og avtale mellom partane om tilknytning til omsøkt veg for gnr 5, bnr 11.

Kommunen ser at her er ei ung familie som vil satse på å ruste opp bygningar, jord og skog på det bruket dei vil satse framtida si på.

Den omsøkte landbruksvegen er ei brikke i dette, betre utnytting av jord og skog, og få avløyst ein vegrett gjennom tunet som er ein hemsko for drifta på garden, og heller inga god løysing for den fråskilde parsellen/fritidseigedomen.

Landbrukskontoret vil såleis tilrå at omsøkt veg kan byggast, både for tenleg tilkomst til jord- og skogareal, og for avløyning av vegretten til gnr 5, bnr 11 gjennom tunet på gnr 5/bnr 5.

Liv Bente Viddal
Seksjonleiar

Roger Nedreklepp
Fagansvarleg skogbruk

Utskrift av endeleg vedtak:
Dag Marius Løvik Øvregård

Kopi:

Klageinstans:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

2016/1843

Landbruksdirektoratet
Søknadspliktforordningen

ORSTA KOMMUNE

Saksnummer: **Kon Nedreklipp**

Dato: **24 OKT 2016**

Saksnr: **2016/2001**

Løpnr:

Klass: **Eidhømsnekk A**

Søknad om bygging
av landbruksveg

Søknaden skal sendast til kommunen

Journalnummer

Ar 2016	Fylke Møre og Romsdal	Kommune 1519 Volda
------------	--------------------------	-----------------------

1. Er tiltaket søknadspliktig?

Søknadspliktige tiltak: Nybygging og ombygging av landbruksvegar etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier (landbruksvegforskrifta)¹ er søknadspliktig. Eit tiltak kan vere søknadspliktig sjølv om det er angitt som ikkje søknadspliktig lenger ned i dette skjemaet. Dette er tilfelle der tiltaket kan ha vesentleg påverknad på dei omsyna som er nemnde i § 1-1 i landbruksvegforskrifta. Du kan ikkje starte opp byggearbeidet før kommunen har gitt løyve.

Tiltak som ikkje er søknadspliktige: Opparbeiding av oppstillingsplass for landbruksmaskinar til bruk på eigedomen eller enkle avkøyringar frå godkjente landbruksvegar, er ikkje søknadspliktige. Det same gjeld enkle og mellomstore driftsvegar som berre medfører små terrenginngrep. Med små terrenginngrep meins planering med samla omfang på inntil 150 meter eller på areal mindre enn 450 m², der fylling/skjering ikkje fører til meir enn 1 meter avvik frå det opphavslege terrengnivået (sjå unntaket overfor).

2. Kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Før du sender inn skjemaet må du finne ut om tiltaket er søknadspliktig etter punkt 1, og om søknaden skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova. Du kan berre nytte dette skjemaet dersom tiltaket skal behandlast etter landbruksvegforskrifta, det vil seie når over 50 % av samla nytte er knytt til landbruksverksemd. Les og rettleinga bakerst i dette skjemaet.

Dersom delsum landbruksnytte (L) er større enn delsum andre interesser (P) i vegen (L > P), skal søknaden behandlast etter landbruksvegforskrifta. I så fall skal du bruke dette skjemaet og levere det til kommunen, saman med vedlegga.

Dersom delsum andre interesser (P) er større en landbruksnytte (L) i vegen (P > L), skal søknaden behandlast etter plan- og bygningslova. Då skal du ikkje bruke dette skjemaet. Ta kontakt med kommunen din for meir informasjon rundt søknadsreglane for tiltak etter plan- og bygningslova.

Landbruk (L)		Andre formål utanom landbruk (P)	
Skogbruk	20 %	Privat bustad	%
Utmark	%	Privat hytte	%
Jordbruk	80 %	Hyttefelt	%
Seterverksemd	%	Næringsbygg	%
Gardsturisme	%	Aktivitetsbygg	%
Kraftverk, ikkje konsesjonspliktig (<1MW)	%	Kraftverk, konsesjonspliktig (>1MW)	%
Landbruksbygg	%	Anna, grei ut	
Anna, grei ut	%		%
Delsum landbruksinteresser (L)	100 %	Delsum andre interesser (P)	%
Totalsum L + P = 100%			

¹ Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier FOR-2015-05-28-550

3. Opplysningar om søker

Gnr./bnr./fnr. Gnr 5/bnr 5	Organisasjonsnr./fødselsnr. 28128436911	Telefonnr. 95169698
Søkerens namn Dag Marius Løvik Øvregård		E-postadresse bmwdagmarius@hotmail.com
Adresse Saltlagervegen 1	Postnr. 6006	Poststad Ålesund

4. Generelt om vegtiltaket (berre permanente tiltak)

Vegnamn Eidheimsnakken	Vegplanleggar Grunneigar
Er vegen en del av hovudplan for vegar eller anna overordna transportplan?	☐ Ja ☒ Nei
Er avkøyring frå offentleg veg godkjent av vegstyresmaktene?	☐ Ja ☒ Nei ☐ Ikkje aktuelt
Er naboar, rettshavarar eller andre som vedkjem tiltaket varsia?	☐ Ja, liste er lagt ved ☒ Nei, ikkje aktuelt (legg ved grunngjeving)
Antall interessentar/parteigarar i vegen:	1 stk.

5. Om tiltaket

Fyll ut for permanente tiltak

Totalareal dekar 241	Produktiv skog dekar 134	Hogstmoden skog m³ 300	Jordbruksareal dekar 71
Nyanlegg lengde 275 meter	Nyanlegg kostnad 150 000 kr.		
Ombygging lengde meter	Ombygging kostnad kr.		
Søknadspliktig punktutbetring. Fører tiltaket til heving av vegklassa (ombygging) ☐ Ja ☐ Nei ☐ Bru ☐ Bæreevne ☐ Kurvatur ☐ Stigning ☐ Snuplass ☐ Velteplass ☐ Anna, grei ut			
Skal det anleggast massetak knytt til vegen? ☐ Ja ☒ Nei Dersom ja, anslå antall m³ masse som skal hentast ut m³			
Landbruksvegklasse ☐ 2 ☐ 3 ☐ 4 ☐ 5 ☐ 6 ☒ 7 ☐ 8 ☐ Avvik frå vegklassa Dersom avvik frå vegklassa, grei ut om årsaka			

Fyll ut for mellombelse tiltak

☐ Oppstillingsplass for landbruksmaskinar ☐ Enkel avkøyring frå landbruksveg ☐ Enkle og mellombelse driftsvegar
☐ Lengde over 150 m ☐ Lengde under 150 m ☐ Skjering/fylling over 1 m ☐ Skjering/fylling under 1 m ☐ Areal over 450 m² ☐ Areal under 450 m²
Storleiken på driftsområdet som tiltaket betener dekar
Vil arbeidet med å gjennomføre sjølve tiltaket vare utover søknadsåret? ☐ Ja ☐ Nei Dersom ja, kor mange år år
Har du vurdert å bruke driftsmetodar som ikkje krev bruk av tiltaket du har søkt om? ☐ Ja ☐ Nei
Før opp kostnadsauken ved å ikkje bruke det mellombelse tiltaket kr/m³
Grei ut Som nyetablert grunneigar vil eg starte med dyrehald/sauer. Det er ikkje tilkomst til arealet ovanfor tunet med dei maskiner ein nyttar i dag. Omsøkt veg er difor naudsynt for oppgradering/stell av dyrkamark og beite. Eg planlegg å føre vegen vidare mot skogsmarka, dette som eit prosjekt saman med grannane som ikkje har tilkomst til skogen.
Planlagde tiltak i etterkant ☐ Forynging/gjenplantning ☐ Reparere vasslaup ☐ Oppretting køyrespor ☐ Tilbakeføring av driftsveg/deaktivering ☐ Anna Grei ut Som nyetablert grunneigar vil eg starte med dyrehald/sauer. Det er ikkje tilkomst til arealet ovanfor tunet med dei maskiner ein nyttar i dag. Omsøkt veg er difor naudsynt for oppgradering/stell av dyrkamark og beite. Eg planlegg å føre vegen vidare mot skogsmarka, dette som eit prosjekt saman med grannane som ikkje har tilkomst til skogen.

6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Følgande miljøverdiar er registrert, jmfør rettleiinga

Naturmangfald ☐ Ja ☒ Nei Landskap ☐ Ja ☒ Nei Kulturminne ☐ Ja ☒ Nei Friluftsliv ☒ Ja ☐ Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar, og kjelder for funn

Mange nyttar eigedomen som turveg til Lidaveten, svært populært turmål.

Andre interesser som tiltaket rører ved

Verna vassdrag ☐ Ja ☒ Nei Reindriftsinteresser ☐ Ja ☒ Nei Vernskog ☐ Ja ☐ Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar og kjelder for funn

Ligg vegtraseen i område med fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja, beskriv årsaka

Kan tiltaket gi ei auke i fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja, beskriv årsaka og planlagde omsyn

Kan tiltaket føre til auka fare for flaum-, erosjon- eller skredskadar på omkringliggende bustader, anlegg eller anna offentleg infrastruktur (vegar, jernbane og så vidare)? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja, beskriv planlagde omsyn

På kva måte ligg tiltaket samanlikna med marin grense: ☒ Over ☐ Under ☐ Både over og under

Dersom heile eller delar av tiltaket ligg under marin grense, grei ut om planlagde omsyn

Eventuelle kommentarar

7. Underskrift

Eg er ansvarleg for, og godtar å gjere meg kjend med forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier og andre aktuelle lover og reglar i samband med tiltaket. Eg er òg ansvarleg for, og godtar å gi naudsynte og korrekte opplysningar til kommunen som grunnlag for behandling av søknaden. Dette gjeld òg i samband med kontrolltiltak. Eg er kjend med at eg ikkje kan selje i gang med å bygge utan skriftleg løyve i frå kommunen. Opplysningane i denne søknaden inkludert vedlegg er gitt etter beste skjønn og så fullstendig som mogleg. Eg er kjend med at eg kan komme i straffeansvar dersom eg gir urette eller ufullstendige opplysningar.

Stad og dato

Underskrift

Ørsta 21/10-2016

Dag Marius Løvrik Øvergård

Kartvedlegg

Kart skal leggjast ved søknaden både for permanente vegar og mellombelse tiltak.

Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000, og oversiktskart i målestokk 1:50 000, skal følge søknaden. Følgande opplysningar skal markerast på kartet:

- Planlagt vegtrase (brotten raud strek). Eventuelle alternativ skal merkast tydeleg (og skal vere nummererte).
- For mellombelse driftsvegar i skogbruket skal driftsområdet markerast (brotten/stipla blå strek).
- Dekningsområdet for den planlagde vegen/tiltaket (hell blå strek).
- Planlagde massetak i samband med tiltaket (ring inn med raud strek).
- Eksisterande vegar med betydning for dekningsområdet (hell svart strek).
- Busetnadar, offentleg infrastruktur og andre interesser som vegen/tiltaket kan få følger for (hell gul strek). Dette gjeld òg dersom desse ligg vekk i frå sjølve vegen, til dømes i dalbotnen
- Markér på kartet kjente miljøverdiar som bygging eller køyring på vegen kan få følger for, vis òg til opplysningar på søknadsskjema (hell grøn strek).
- Aktsemdsområde for jord- og flaumskred (Skrednett).
- Marin grense og eventuelle identifiserte faresoner for kvikkleire (Skrednett).

Vedleggsliste	Vedlagt	Ikkje vedlagt
Oversikt over interessentane i vegen	☐	☒
Oversikt over naboar, rettshavarar og andre som tiltaket kan få følger for	☐	☒
Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000	☒	☐
Oversiktskart i målestokk 1:50 000, med tiltaket teikna inn	☒	☐
Eige vurdering av vegen sin verknad på flaum- og skredfare for bustadområde og infrastruktur, og kva for omsyn som eventuelt er tatt med i planen	☐	☒
Eventuelle fråsegn frå vegplanleggjar eller geoteknisk sakkyndig	☐	☒

Rettleiing

Rettleiing til søknadsskjema om bygging av landbruksveg

Du skal nytte dette skjemaet ved søknad om bygging og ombygging av landbruksveg etter landbruksvegforskrifta, stadfesta av Landbruks- og matdepartementet.

Du kan ikkje starte opp med å bygge vegen før du har fått løyve i frå kommunen. Du kan klage kommunen sitt vedtak inn til Fylkesmannen, jmf. landbruksvegforskrifta § 4-1 og forvaltningslova kapittel VI.

Kommunen si behandling av søknaden etter naturmangfaldlova

Kommunen skal òg vurdere tiltaket etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

Vurderingane av prinsippa skal komme til uttrykk i kommunen si saksframstilling og vedtak. Kommunen skal vurdere påverknad på naturmangfaldet av sjølve vegrasjonen, med grøfter og vegskulder og eventuelle nye massetak langs vegen.

Rettleiing til utfylling av punkta i søknadsskjemaet:

1 og 2. Er det eit søknadspliktig tiltak, og kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Eitersom søknad om vegbygging anten skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova, må det først avklarast kva for regelverk vegsøknaden skal behandlast etter. Nytten av dei einstkilde interessene skal fastsetjast etter samla nytte av vegen. Dersom nytta knytt til landbruksverksamda utgjer over halvparten av den samla nytta, skal vegen behandlast etter landbruksvegforskrifta. Dersom likje, skal vegen behandlast etter plan- og bygningslova. Du kan nytte rettleiinga "Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss", jmf. Landbruksdirektoratet sine nettsider, som rettesnor for kva for tiltak som høyrer inn under landbruksomgrepet. Ta kontakt med kommunen din dersom du er usikker på kva måte dette vert avgjort.

Du finn òg informasjon og ein kalkulator på www.landbruksdirektoratet.no, som kan vere til hjelp når landbruksinteressene til vegen skal fastsetjast. Dersom nyttefordelinga blir rekna ut på anna måte, må utrekningane leggjast ved søknaden.

3. Opplysningar om søker

Det skal berre vere ein søker, òg i tilfelle der det vert søkt på vegne av fleire interessentar/eigarar i vegen etter skriftleg fullmakt. Søkeren pliktar å fylle ut søknadsskjemaet så utførlig som mogleg, og bidra med alle kjende opplysningar som kan vere av verdi for saksbehandlinga og avgjerse.

4. Generelt om vegtiltaket

- Med hovudplan forstås vi ein heilskapleg vegplan, anten vegdelen inngår i kommunen sin oversiktsplan for skogbruk, eigen områdeplan/hovudplan for vegar, eller anna transportplan.
- Angi om det er inngått avtale med vegplanleggar eller om slik kompetanse er planlagt nytta for helle eller deler av tiltaket. Dersom vegtiltaket som det søkaste om heilt eller delvis er under marin grense, og særleg i fareområde for kvikkleireskred, skal fråsegn frå geoteknikar som hovudregel leggjast ved søknaden. Dersom søknaden omfattar vegtiltak der flaum, erosjon og/eller lausmasseskred kan ha vesentleg påverknad på bustader eller anna samfunnsviktig infrastruktur, skal òg fråsegn frå vegplanleggar som hovudregel leggjast ved søknaden. Kommunen kan i vedtaket stille vilkår om bruk av vegplanleggar med vidare.
- Avkørsel frå offentleg veg og veteplass langs offentleg veg skal på førehand vere godkjend av vegstyresmaktene, jmf. forskrifta § 2-2.
- Ei liste over alle interessentane i vegen skal leggjast ved søknaden. Før opp namn, adresse, telefon/e-post.
- Liste over naboar, rettshavarar og andre som blir rørt av tiltaket og som på førehand er varsla om veksøknaden, skal leggjast ved søknaden.

5. Om tiltaket


- Vegen sitt dekningsområde er det arealet som vegen betener.
- Det vert skilt mellom permanente og mellombelse tiltak. Dei permanente tiltaka er nybygging, ombygging eller punktutbeting. Tiltak som hever vegklasse i samsvar med dei nye vegnormalane, inkludert punktutbetingar, vil normalt vere ei søknadspliktig ombygging.
- Dei mellombelse tiltaka vil ofte vere graving av enkle driftsveggar i bratt terreng for å gjere skogen tilgjengeleg for hjulgåande skogemaskinar. Desse driftsvegane skal normalt færast tilbake og fornyast med skog etter avslutta hogst. I søknaden skal dei mellombelse driftsområda merkast av på kart med ei ytre avgrensing av det arealet som skal drivast med bruk av driftsvegane. Du må føre opp kor mange år det vil ta å gjennomføre drifta. Kommunen kan stille vilkår til planlegging og utføring med meir, jmf. forskrifta § 3-3 andre ledd.
- Før opp planlagt vegklasse etter «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse», som du finn under infrastruktur på www.landbruksdirektoratet.no.
- Vegklassene 2-3-4-5 er heilårs bilveggar eller sommarbilveggar, vegklasse 6 er vinterbilveg, og vegklassene 7 og 8 er traktorveggar. «Avvik i frå vegnormalane» er dei vegane som ikkje oppfyller vegnormalens krav, men som likevel medfører søknadspliktig terrenginngrep jf. §1-2.
- Før opp utrekna byggekostnad og meter for det tiltaket det er søkt om.

6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Søkeren må gjere greie for kjente miljøverdiar og bruksinteresser som blir rørt av det tiltaket som det er søkt om. Du finn kunnskap om miljøverdiar i eigedommen sin skogbruksplan, og i ulike innsynsløysingar og databasar (Kilden, Naturbase, Artskart, Skrednett osv.)

	Miljøverdiar/omsyn	Nettside	Informasjon om aktuelle kart
Naturmangfald	Prioriterte artar og freda artar (Forskriftfesta)	http://kart.naturbase.no	Prioriterte artar blir fastsette i egne forskrifter etter naturmangfaldlova. Dei freda artane er lista opp i forskrift om freding av true artar etter naturmangfaldlova. Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særlig stor forvaltningsinteresse. Kartlag: PA (prioriterte artar) og Fredete artar. Søk kan òg gjerast i 'Artskart' hos www.artsdatabanken.no .
	Utvalde naturtypar (Forskriftfesta)		Alle utvalde naturtypar blir fastsette i eiga forskrift etter naturmangfaldlova. Utvalde naturtypar. Alle kartlaga er aktuelle.
	Verneområde (Forskriftfesta)		Verneområde blir oppretta etter naturmangfaldlova. Det blir vedtektne egne forskrifter for kvart enkelt verneområde. Verneområde. Alle kartlaga er aktuelle.
	Miljøregistrering i skog (MIS) / Nettelbiotoper (Forskriftfesta og sertifikatert)	http://kilden.skogoglandskap.no	Fane for arealinformasjon. Skog. Kartlag: Miljøregistrering i skog (MIS). Jmf. bærekraftforskrifta § 5, skal verdiane i viktige livsmiljø og nettelbiotoper teikast vare på i samsvar med Norsk PEFC skogstandard (www.norskepec.no).
	Verna vassdrag (Forskriftfesta)		Fane for arealinformasjon. Eksterna. Kartlag: Verna vassdrag (NVE). Du skal krysse av for ja i søknadsskjema dersom vegen rører ei 100-metersone på kvar side av verna vassdrag, med sideelver, større bekkar, sjør og fjør. Der kommunen har fastsett vassdragsbelte rundt verna vassdrag brukar du dette i staden for 100-metersbelte.

Naturmangfold	Naturtyper (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)	http://naturbase.no	Naturtyper. Kartlag: Hovednaturtype skog.
	Arter (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)		Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særlig stor forvaltningsinteresse. Kartlag: <i>True arter</i> . Søk kan òg gjerast i 'Artskar' hos www.artsdatabanken.no .
Landskap	Helhetlig kulturlandskap (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)	http://kart.naturbase.no	Kartlaget for <i>Helhetlige kulturlandskap</i> gir ein peikepinn på område der det er store kulturlandskapsverdier. Det finst ikkje egne kartlag for dei 22 utvalde kulturlandskapa i jordbruket. Desse områda har store biologiske- og kulturhistoriske verdier. I tillegg til <i>Helhetlige kulturlandskap</i> skal kartlaget <i>Hovednaturtype kulturlandskap</i> sjekkast, da dette viser registrerte skjøtselshengig naturtyper. Informasjon om Utvalde kulturlandskap i jordbruket finn du på www.utvalgtekulturlandskap.no .
	Utvalde kulturlandskap i jordbruket (Vert forskriftfesta i 2016)		
Kulturminner	Kulturminner og ståande byggverk (Lovfesta)	http://kilden.skogoglandskap.no	Kulturminner før år 1537 og ståande byggverk frå år 1537 – 1649, er automatisk freda, jamfør kulturminnelova. Fane for arealinformasjon. Eksterne Kartlag: <i>Arkeologiske kulturminner (RA)</i> . Søk kan òg gjerast på 'Askeladden' og 'Kulturminnesøk' hos www.riksantikvaren.no . Ikkje alle arkeologiske kulturminner er registrert i basane eller fullstendig registrert.
Friluftsliv	Statlig sikra friluftsområde (Servituttavtalar)	http://kart.naturbase.no	Friluftslivsområde. Kart: <i>Statlig sikra friluftslivsområder</i> . Områda er sikra gjennom langsiktige avtalar med staten (servituttavtalar). Vert forvalta gjennom mellom anna regulerings- og byggesaksføseggenene i plan- og bygningslova, pålegg om tiltak etter forureiningslova og føreseggene i friluftslova om åtferdsreglar.
	Andre friluftsområde (<i>ikkje knytt til eiga forskrift</i>)		Kartlagde friluftsområde. Kartlag: <i>Kartlagte friluftsområder</i> .
Anna	Reindriftsinteresser (Lovfesta)	http://kilden.skogoglandskap.no	Fane for reindrift. <i>Alle kartaga er aktuelle</i> . Reindrifta vert regulert av reindriftslova. Sjå nettsida www.reindrift.no .
	Vernskog (Forskriftfesta)		Fane for arealinformasjon. Eksterne. Kartlag: <i>Vernskog</i> Vernskog er basert på kommunale vedtak og egne forskrifter. Sjå dokument 'Forvaltning av vernskog (B-300 M-0618B)' hos www.regjeringen.no .
	Lausmasseskred	www.skrednett.no	<i>Aktsomhetskart-skred i bratt terreng.</i> <i>Faresonekart-skred i bratt terreng.</i> NVE gjennomfører faresone- og aktsomhetskartlegging av skred i bratt terreng for utvalde område, jamfør plan for skredfarekartlegging (NVE rapport 14/2011). <i>Kvikkleiresoner og marin grense.</i> Ligg tiltaket under marin grense, er det generell fare for skred. Er tiltaket i, eller nær, kvikkleiresone er det spesiell stor fare for skred, og tiltaket som må utgreiast av fagkyndige (geoteknisk). NGU utviklar og held ved lag òg kartinnsyn om berggrunn, lausmasser, mineralske ressursar, grunnvatn m.m. Link til lausmassekart: www.ngu.no/kart-og-data/kartinnsyn
	Flaum	www.nve.no	Kart og karttenester. Kartlag: <i>Flomsoner</i> . Flaumsonekartet viser areal som vert fløymd over ved ulike flaumstørleikar. Det blir utarbeida flaumsoner for 20-, 200- og 1000-års flaumane, og omfatter areal med størst skadepotensial ved flaum.



0204060m Målestokk 1 : 4000 ved A4 utskrift Utskriftsdato: 21.10.2016	Markslag (AR5) 13 klasser TEGNFORKLARING Fulldyrka jord Overlatelyrka jord Innmarksbeite Skog av sær høg bonitet Skog av høg bonitet Skog av middels bonitet Skog av lav bonitet Uproduktiv skog Myr Åpen jorddekt fastmark Åpen grunnlendt fastmark Bebyggd, samf, vann, bre Ikke klassifisert Sum:	AREALTALL (DEKAR) 45.4 0.0 25.4 0.0 99.7 34.0 0.0 0.0 0.0 14.4 22.4 0.3 0.0 241.6 70.8 133.7 36.8 0.3 241.6	Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenneelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene. Ajourføringsbehov meldes til kommunen. Arealressursgrenser Eiendomsgrenser
GÅRDSKART1519-5/5 Tilknyttede grunneiendommer: 5/5			
NIBIO NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI			







Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/2001	01.11.2016	115782/2016/V83	Guro Dehli Sanden, 71 28 03 26	11.11.2016

Uttale til søknad om bygging av skogsveg - 1519 Eidheimsnakken - Dag Marius Løvik Øvregård

Vi vurderer at traseen til skogsbilvegen har potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det er tidlegare i forbindelse med nydyrking i området gjort ein del funn av gjenstandar frå steinalder og jernalder. Vi varslar derfor at det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering før eventuell godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg, Eidheimsnakken, jf. § 9 i kulturminnelova.

Dispensasjonar i frå kommuneplan, då gjerne tiltak som er av "mindre privat" karakter og tiltak knytt til landbruk vil i stor grad falle inn under ordningar der kostnadane ved arkeologisk registrering dekkast av fylke og stat. Ved anlegging av ny landbruksveg eller ved opprusting av eksisterande veg er desse å regne som mindre tiltak når dei ikkje overstig 3 kilometer i løpet av 5 år, jf. § 10 i kulturminnelova, rundskriv T-02/2007. Det omsøkte tiltaket fell soleis under kategorien "mindre privat tiltak", og tiltakshavar vil ikkje bli belasta med kostnader i forbindelse med den arkeologiske registreringa. Godkjenning av søknad kan ikkje skje før registrering er gjennomført, og vi har gitt ny uttale på bakgrunn av registreringsresultata.

Vi ber om at tiltakshavar tar kontakt for gjennomføring av den arkeologiske registreringa

Med helsing

Guro Dehli Sanden
Arkeolog/Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2281/2017/V83	Guro Dehli Sanden, 71 28 03 26	09.01.2017

Volda kommune – Bygging av landbruksveg gbnr. 5/5, Eidheim – Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. Kulturminnelova § 8 første ledd. Konflikt med id.nr. 224564 og 224562

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført ei arkeologisk registrering av planlagt landbruksveg på gbnr 5/5 i Volda kommune. Tiltaket vil røre ved to flater med restar etter fossile dyrkingslag. Laga er automatisk freda i samsvar med lov om kulturminne av 1978 nr. 50 (kml) § 4 første ledd.

Etter kml § 3 første ledd, er inngrep i automatisk freda kulturminne forbode, dersom det ikkje ligg føre løyve etter kml § 8. Møre og Romsdal fylkeskommune er rett mynde etter Miljøverndepartementet sitt delegasjonsvedtak av 24.3.2011, og etter avklaring med Universitetsmuseet i Bergen.

Vedtak

Med heimel i kml § 8 første ledd fattar Møre og Romsdal fylkeskommune følgjande vedtak:

I samband med opparbeiding av landbruksveg, slik som vist i søknad 01.11.2016, gir ein med dette løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, bestående av to flater med eit fossilt dyrkingslag på gbnr 5/5, id nr. 224564 og id 224562, i Volda kommune, jf. merking på vedlagt kart, stempla Møre og Romsdal fylkeskommune og datert 09.01.2017.

Løyvet blir gitt utan vilkår om vidare arkeologisk gransking. Tilstrekkelig dokumentasjon er allereie gjennomført i forbindelse med registrering utført av Møre og Romsdal fylkeskommune. (Rapport med resultat frå C14-datering vil bli ettersendt når den føreligg). Løyvet gjeld berre det tiltaket det er søkt om.

Høve til å klage

Ein kan klage på vedtaket inntil 6 veker frå dette brevet er motteke, jf. kml § 8 første ledd tredje punktum. Eventuell klage kan ein rette/adressere til Riksantikvaren, men klagen skal sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Framdrift og gjennomføring

Tiltaket skal gjennomførast i tråd med søknaden. Større endringar ut over det tiltaket ein har søkt om, krev ny søknad.

Omtale av kulturminna

Dyrkingsflatene på gbnr 5/5 vart påvist under maskinell prøvesjaktning av traseen til landbruksvegen. Id nr. 224562 var svært omrota på grunn nyare tids dyrkingsaktivitet og svært skrinne jord i området. Fleire plasser i sjakta var dyrkingslaget samanblanda med undergrunnen. Id nr. 224564 er eit tydeleg tynt kolhaldig lag, som er tolka til å være eit avsviingslag. Laget var synleg i heile sjakt nr. 5.

Omtale av tiltaket det er søkt om

Tiltakshavar søkte i 2016 om å få bygge landbruksveg på Eidheim – Eidheimsnakken. Møre og Romsdal Fylkeskommune satt krav om arkeologisk registrering av traseen til landbruksvegen, då det under tidlegare nydyrking i området vart gjort ein del funn av gjenstandar frå steinalder og jernalder.

Møre og Romsdal fylkeskommune sine merknader og vurdering av saka

Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at det i gjeldande sak berre vart påvist kulturminne av vanleg type. Avsviingslaget som vart påvist i id nr. 224564 er truleg å finne over eit større område utover traseen til landbruksvegen. Id nr. 224562 var svært omrota av moderne dyrking i området. Dyrkingslaga bør settast i samanheng med tidleg jordbruk på staden. Resultatet frå C14-datering vil vise om ein kan knytte dyrkingsflatene opp mot tidlegare funn frå jernalder på garden .

Vi finn at den vitskaplege kjeldeverdien på ein tilfredsstillande måte vart dokumentert i samband med den arkeologiske registreringa, og vurderer verneverdien til kulturminna som låg i forhold til betydinga av det planlagde tiltaket.

Møre og Romsdal fylkeskommune finn, etter samla vurdering, at ein kan gje løyve til fjerning av kulturminna, i tråd med våre vedtak, utan vilkår om vidare arkeologisk gransking. Tilstrekkelig dokumentasjon er allereie gjennomført.

Med helsing


Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Bjørn Ringstad
Fylkeskonservator

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Vedlegg: Kart stempla Møre og Romsdal fylkeskommune og datert 09.01.2017

Kopi:			
Universitetsmuseet i Bergen, SFYK	Postboks 7800	5020	BERGEN
Dag Marius Øvregård			
Riksantikvaren	Postboks 8196 Dep	0034	Oslo





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Børild Skåra

Arkivsak nr.: 2016/2000

Arkivkode: V30

Utvalsaksnr **Utval**
11/17 Forvaltningsutvalet

Møtedato
07.02.2017

1519 GBR 128/4 - SØKNAD OM GODKJENNING AV PLAN FOR NYDYR KING - ANDRÉ BRUNE

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i forskrift om nydyrking, fastsett av Landbruksdepartementet 2. mai 1997 vert det gjort følgjande vedtak:

Landbruksnemnda vedtek at André Brune får løyve til å fulldyrke 35,7 daa på eigedomen gnr 128 bnr 4 i Volda. Tiltaket skal utførast i samsvar med søknaden dagsett 23.11.2016, og forskrift for nydyrking. Formålet er å styrke arealressursane til bruket.

Vilkår:

- *Ein må sikre seg mot erosjon frå dyrkingsfeltet ved at det i nedste enden av kanalen vert laga fangdam kor slam kan sedimentere. Dammen skal lagast ved oppstart og den bør ha to kammer.*
- *Oppstart seinast i 2019. Ein føreset vidare slutføring i løpet av 3 år etter oppstart.*
- *Ved eventuelle kulturminnefunn pliktar ein å kontakte kulturmynde*

Saka gjeld: Handsaming etter forskrift om nydyrking
ephorte saksnummer Volda: 2016/2000
ephorte saksnummer Ørsta: 2016/2278

Vedleggsliste:

1. Søknad frå André Brune med vedlegg, d.s. 23.11.16
2. Høyringsbrev til M&R fylkeskommune, Fylkesmannen i M&R og Volda kommune, 29.11.16
3. Førebels kommentar frå Volda kommune, 05.12.16
4. Fråsegn frå M&R fylkeskommune, 05.12.16
5. Fråsegn frå Volda kommune, 06.12.16

Samandrag av saka:

André Brune søker om løyve til å fulldyrke 35,7 daa på gnr 128 bnr 4.

Saksopplysningar/fakta:

André Brune søker i samsvar med forskrift om nydyrking fastsett av Landbruksdepartementet 2. mai 1997. Søkjaren er eigar av Brune gnr 128 bnr 4 i Volda kommune.

Gnr 128 bnr 4 har i følgje gardskartet totalt 118 daa fordelt på 9 teigar. Markslaga fordeler seg slik:

Fulldyrka jord	Overflate- dyrka jord	Innmarks- beite	Skog særshøg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uprod. skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebyggd
43,8	0	0	20,8	5,3	4,6	0	1,9	24,5	12,3	0	5,1

Søkjaren eig i tillegg gnr 121 bnr 1 i lag med kona. Gnr 121 bnr 1 er på 859 daa. Egedomen vart kjøpt som tilleggsjord for å få gode beiter for dyra i beitesesongen.


Drifta på bruket er sauehald. Driftsbygninga og drifta er utvida siste åra. Ved årsskiftet var dyrehaldet 67 vaksne sauer og 61 sauer under 1 år. Det vert leigd jordbruksareal frå 5 andre eigedomar slik at føretaket totalt driv 70 daa dyrka jord og 76 daa innmarksbeite.

Arealet det vert søkt på er ligg i ein teig som bruket har inne i dalen på kote 300. Teigen er ikkje dyrka frå før, og ein søker no på nydyrking av heile teigen som er på 35,7 daa.

I Dalsdalen har ein større område med dyrkbar jord, og mykje jord er dyrka tidlegare. På teigen som søknaden gjeld er det ikkje dyrka før, men det er teke kanalar langs byta for å turke opp området, og førebu dyrking.

I følgje søknaden utgjer 11,2 daa av dyrkingsfeltet fastmark og 24,5 daa myr. Det er teikna inn drengrofter i retning nord – sør der avrenninga skal gå til eksisterande open kanal i det nordlege bytet.

Dyrkinga av myra skal skje ved omgraving/djuparbeiding. Det vil seie at ein i dyrkinga snur jordlaga slik at myra vert lagt nedst med morene/undergrunn øvst. Ein dempar då nedbrytinga av myrjordlaget og arealet får eigenskapar som fastmark.



Stein frå feltet skal leggjast i grøftene. I ØK er markslaga nedst; myrvegetasjon/lettbrukt dyrkingsjord/plantemark for skog/grunn myr/blokkrik, og i øvste delen; anna jorddekt fastmark/myrvegetasjon/bonitet H for skog/vassjuk skogsmark/mindre lettbrukt dyrkingsjord/blokkrik.

Områda det vert søkt på er i kommuneplanen lagt ut til LNF.

Ein har gjeve Volda kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune høve til å kome med fråsegn til søknaden.

Ein har fått inn desse fråsegnene:

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 20.12.2016 (utdrag):

”... Omsøkte areal er kartlagt som dyrkbart, og det er også dyrkamark på begge sider. Vi kan ikkje sjå at det er gjort naturfaglege registreringar her som tilseier at myra har spesiell verdi. Vi minner likevel om naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.... I § 5 i forskrifta går det fram at det skal leggest særleg vekt på kva verknader tiltaket kan få for natur- og kulturlandskapsverdiane. Ved denne vektlegginga skal det takast omsyn til om det på arealet er sjeldne miljøverdier og kor sjeldne miljøverdiane er. I vurderinga skal det for øvrig leggest vekt på om det ut frå jordlova sin § 1 er ønskelig å styrke driftsgrunnlaget for driftseininga, og om nydyrkingstiltaket legg til rette for driftsmessig gode løysningar.

Konklusjon

Av omsyn til utslepp av klimagassar rår vi på generelt grunnlag til at oppdyrking skjer på areal som ikkje er myr. Vi viser elles til merknadene ovanfor.”

Frå Møre og Romsdal fylkeskommune, 05.12.2016 (utdrag av fråsegna):

«Vi er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området. Vi har soleis ingen spesielle merknader knytt til arealbruken. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og at ein melder i frå til oss dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, jf. § 8 i kulturminnelova».

Frå Volda kommune, 06.12.16:

«Etter å ha undersøkt det aktuelle område på flybilete, Gislink og naturbase vurderer eg området til ikkje å innehalde vesentlege naturverdier og ser derfor inga årsak til å avskrive søknaden grunna miljø.

Etter søk i Gislink og Naturbase finn eg ingen vesentlege naturverdier i området.

Området som ynskas dyrka ligg mellom to allereie dyrka areal og påverknaden på landskapsopplevinga reknast derfor som mindre.

Det er allereie tilkomstveg til området så vegutbygging vil ikkje påverke naturen.

Nydyrking vil alltid vere negativt for det økosystemet ein endrar. Volda kommune slår fast i sin samfunnsdel at Volda kommune skal legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog og fjordbruk, og næringar som er knytt opp til desse. Her må ein vurdere miljø opp mot utvikling av jordbruk.

Mi vurdering er at om ein skal ha utvikling av jordbruk i Volda så bør det skje på stader der det har minst mogleg miljøpåverknad. Området det søkast om i denne søknaden er eit slikt område, og eg vurderer derfor området som egna til nydyrking.»

Vurdering og konklusjon:

Tema	Vurdering
<i>Kommuneplan:</i>	Feltet som skal dyrkast er i kommuneplanen avsett til LNF. Tiltaket er dermed i samsvar med kommuneplanen.

<i>Kulturminne:</i>	Fylkeskommunen har ikkje merknad men ber tiltakshavar vere merksam og melde frå om ein har opplysningar eller gjer funn jmf lova.
<i>Gamle vegar, ferdsselsårar og vilkår for friluftsliv.</i>	Ingen merknad.
<i>Dyre- og fugleliv:</i>	Ein har ikkje fått inn merknader eller opplysningar.
<i>Naturtype:</i>	Nærast registrerte naturtype ligg 1,4 km NNV for feltet med nemninga Huldreholmane, som er i og ved elva. Ingen naturtyperegistreringar på eller nært feltet.
<i>Landskapsbiletet:</i>	Landskapet vert opnare men det vil ikkje endre karakter då mykje areal i området er dyrka tidlegare.
<i>Kantsone mot vassdrag:</i>	Ikkje tema i denne saka.
<i>Verna vassdrag:</i>	Nei
<i>Behov for areal til mjølkekvote eller som spreieareal</i>	Sau. Har nok spreieareal men for lite fôrgrunnlag.
<i>Plan/ gjennomføring:</i>	Omgraving der myrjorda vert lagt nedst. Grøfter som skissert i plan.
<i>Driftsvilkår på bruket:</i>	Betre driftsgrunnlaget for bruket og redusere behovet for leigejord og transport.
<i>Naturmangfald-lova § 8</i>	Kunnskap. Ein har innhenta opplysningar og undersøkt fagbasar utan å finne avgjerande konflikt ved nydyrking her frå fagkunnige.
<i>Naturmangfald-lova § 9</i>	Føre var. Kan ikkje sjå at det her eksisterer risiko for alvorleg skade på naturmangfaldet.
<i>Naturmangfald-lova § 10</i>	Økosystem og samla belastning på økosystem. Ingen spesiell merknad. Ein har allereie dyrking og kanalisert i området. Ein bør likevel avgrense tilførselen av masse/slam til elva under dyrkinga.
<i>Naturmangfald-lova § 11</i>	Tiltakshavar skal dekke kostnader for å avgrense eller hindre skade. Det må lagast slamdam(ar) i nedste enden under dyrkinga, som kan fange opp slam og humus som vert frigjort og følgjer dreneringa/avrenninga.
<i>Naturmangfald-lova § 12</i>	Forsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Dyrking ved plassering av myr nedst og faste massar over. Vert varig eng slik at ein får lite avrenning når areala er sådd til.

Konklusjon:

Bruket treng å styrke fôrressursane, og tiltaket vil slik sett styrke bruket. Dyrkinga vil ikkje bryte med landskapsbiletet ein har i området frå før.

Dyrkinga vil skje med omgraving av myrlaget slik at det vert lagt nedst for å få gode driftsvilkår, og for å dempe frigjerings av gass. Ein bør leggje att dyrkingsfeltet stegvis slik at det som er ferdig dyrka ikkje vert liggjande ope for lenge.

Sentrale mynde har fokus på jordvern og sikring av jordressursar. Det er positivt at grunneigar her vil auke jordbruksareala.

Ut frå ei samla vurdering av søknaden og innkomne fråsegner, på visse vilkår, gir ein løyve til fulldyrking slik det er søkt om.

Ørsta, 27.01.2017

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Utskrift til: André Brune, Vestre Dalsbygdvegen 29, 6120 Folkestad

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Skjema M-0160N stadfesta av Landbruks- og matdepartementet den 4.2.2013,
oppdatert den 16.07.2015

Søknad om godkjenning av plan for nydyrking i

Kommune	Fylke
---------	-------

Dette skjemaet skal brukast ved søknad om godkjenning av plan for nydyrking, jf. forskrift [om nydyrking § 7](#). Skjemaet skal før anleggsstart sendast den kommunen der arealet som ønskast nydyrka ligg. Kommunen si avgjersle kan pålagast til Fylkesmannen. Les rettleinga på side 2 og 3 før søknaden vert fylt ut. Fyll òg ut vedleggslista på side 2 i skjemaet, og legg ved påkravd og relevant dokumentasjon.

Nydyrkingstiltaket kan ikkje settast i gang før planen er godkjend. Dersom nydyringsarealet er over 50 dekar (eit vedlegg II-tiltak) skal kommunen behandle tiltaket etter [forskrift om konsekvensutredninger for tiltak etter sektorlover § 3](#). Òg mindre tiltak (under 50 dekar) skal behandlast etter § 3 dersom ein ikkje kan sjå bort frå at tiltaket kan få vesentlege verknadar for naturmangfold eller andre viktige miljøomsyn. Kommunen skal òg vurdere tiltaket etter føresegnene i kapittel II i naturmangfoldlova.

Grunnopplysningar

Søkjarens namn (etternamn, føre og mellomnamn)		Fødselsnr. (11 siffer)
Organisasjonsnr. (9 siffer)	Adresse	
E-postadresse	Telefonnr.	
Eigedomen søknaden om plan for nydyrking gjeld		
Gnr.	Bnr.	Fnr.

Angi arealinformasjon i dekar (sjå eventuelt gårdskart)

	Eigedomen sitt totalareal	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Uproduktiv skog	Myr	Anna areal
1								
2	Beskriv driftsbygningar på eigedomen (tal på husdyrplassar, lagringskapasitet grovfôr, kornlager, korntørke, kjøleager etc.)							
3	Driftsform på eigedomen (husdyrhald, planteproduksjon mv.)							
4	Ved husdyrhald angi talet på dyr				Ved planteproduksjon, angi eigd areal i drift Talet på dekar:			
5	Har eigedomen tilstrekkeleg spreieareal for husdyrgjødsel i forhold til husdyrhaldet? ☐ Ja ☐ Nei				Dersom nei, angi behov for ytterlegare spreieareal (dekar)			
6	Er det registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar på eigedomen? Sjå rettleinga punkt E og F ☐ Ja ☐ Nei ☐ Veit ikkje						Dersom ja, angi namn/nummer på lokaliteten(ane)	
7	Angi totalarealet som skal nydyrkast (dekar)		Til fulldyrka jord (dekar)		Til overflatedyrka jord (dekar)			
8	Kva slags mark skal nydyrkast? Sjå eventuelt Gårdskart						Angi forventta avling	

9	Ved nydyrking av skogareal, angi hogstklasse og bonitet	
10	Beskriv planlagd drift av nydyrkingsarealet (utdjup eventuelt i eige vedlegg)	
11	Kva for økonomiske og driftsmessige fordelar vil ein oppnå ved nydyrkinga (legg ved kostnadsoverslag for nydyrkinga)	
12	Dato	Søkjaren si underskrift

Vedleggsliste

Søknaden <u>skal</u> innehalde:	Vedlagt	
Kart i farge (målestokk 1:5000) som visar det planlagde nydyrkingsarealet, tilkomsten til nydyrkingsarealet, eigedomen og området omkring	☐	
Plan for grøfting av nydyrkingsarealet (med ei beskrivning av kvar ein skal deponere/dumpe stein/stubbar)	☐	
Søknaden <u>kan</u> òg innehalde:		Ikkje relevant
Konsekvensutgreiing	☐	☐
Beskriving av planlagd drift av nydyrkingsarealet (jf. punkt 10)	☐	☐
Kostnadsoverslag for nydyrkinga (jf. punkt 11)	☐	☐
Kart over registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar	☐	☐

Rettleiing

A. Nydyrking kan berre skje etter godkjenning

Nydyrkingstiltaket kan ikkje settast i gang før planen for nydyrking er godkjend av kommunen. Grunneigar, jordskifteretten på vegne av den som har gjort krav på jordskifte, eller leigetakar m.fl. kan søkje om godkjenning av plan for nydyrking. Godkjenninga fell bort dersom nydyrking ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt. Kommunen kan sette vilkår ved godkjenning av plan for nydyrking, jf. [forskrift om nydyrking § 4](#).

B. Sakshandsaming

Kommunen skal innhente nødvendige fråsegner før dei treff eit vedtak, jf. [forskrift om nydyrking § 9](#), og elles sørge for at saka er så godt opplyst som mogleg. Regional kulturminnemyndigheit skal få anledning til å uttale seg. Samisk kulturminneråd skal få anledning til å uttale seg der nydyrkinga kan ha verknad for deira fagområde. Fylkesmannen skal få anledning til å uttale seg der nydyrkinga kan få verknad for vesentlege miljøverdiar. Det skal settast ein uttalefrist på minst ein måned. Kommunen si avgjersle kan påklagast til Fylkesmannen.

C. Kva ein reknar som nydyrking

Som nydyrking reknar ein fulldyrking og overflatedyrking av udyrka mark eller gjenoppdyrking av jordbruksareal som har lege unnytta i over 30 år. Med fulldyrking meiner ein rydding og bryting til vanleg pløydjupn slik at arealet kan nyttast til åkervekstar eller til eng og beite som kan fornyast ved pløying. Med overflatedyrking meiner ein rydding og sletting av overflata slik at maskinell hausting er mogleg. Opparbeiding av overflatedyrka mark til fulldyrka mark reknast ikkje som nydyrking.

D. Vilkår/føresetnader for godkjenning

Planen for nydyrking kan ikkje godkjennast dersom nydyrkingsarealet ligg i kantsona mot vassdrag. I slike tilfelle må ein sette igjen ei vegetasjonssone mot vassdraget. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sona vere minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sona vere minst 2 meter. Som vassdrag reknar ein stillestående eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vasslaup utan årssikker vassføring dersom det skil seg tydeleg frå om omgivnadane. Dersom nydyrkingsarealet er over 50 dekar (eit vedlegg II-tiltak) skal kommunen behandle tiltaket etter [forskrift om konsekvensutredninger for tiltak etter sektorlover § 3](#). Og mindre tiltak (under 50 dekar) skal behandlast etter § 3 dersom ein ikkje kan sjå bort frå at tiltaket kan få vesentlege verknadar for naturmangfold eller andre viktige miljøomsyn. Godkjenning av plan for nydyrking etter nydyrkingsforskrifta frittek ikkje grunneigar for plikta til å innhente nødvendig løyve etter anna lovverk.

E. Andre forhold som har noko å seie for avgjersla

Formålet med forskrift om nydyrking er å sikre at nydyrking skjer på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskapsverdiene. Det skal leggjast særleg vekt på verknaden nydyrkinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiene, og det skal gå fram av kommunen si avgjersle kva verdiar tiltaket kan få følgjer for, og kva konsekvensar nydyrkinga får for desse. Omsynet til natur- og kulturlandskapsverdiar skal vurderast for større område uavhengig av eigedomsgrenser. Som natur- og kulturlandskapsverdiar reknar ein miljøkvalitetar som landskapsbildet, mangfaldet i naturen og kulturminne. Til landskapsbildet høyrer eksisterande tilkomst til areal som ligg bak arealet ein ønsker nydyrka. I vektlegginga skal det takast omsyn til om det er sjeldne miljøverdiar på arealet, og kor sjeldne desse miljøverdiene eventuelt er. Det skal takast slike omsyn [naturmangfaldlova](#) føreskriv ved kommunen si behandling av søknaden. Kommunen sine vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12 skal gå fram av vedtaket, jf. naturmangfaldlova § 7.

I tillegg til natur- og kulturlandskapsverdiar skal kommunen legge vekt på om det er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget for driftseininga og om nydyrkingstiltaket legg til rette for gode løysingar for drifta. Utfallet av søknaden vil avhenge av korleis ein veg dei relevante momenta i forhold til kvarandre.

F. Nærare om utfylling av søknadsskjemaet

Før opp namn, fødselsnummer (ev. organisasjonsnummer), adresse, gards og bruksnummer (ev. festenummer) på eigedomen som søknaden om plan for nydyrking gjeld, og telefonnummer. I punkta 1-6 gir ein opplysningar om eigedomen, og i punkta 7-11 gir ein opplysningar om arealet som ønskast nydyrka. Det er viktig at ein fyll ut punkta av omsyn til vurderinga av nydyrkingstiltaket. Under punkt 1 skal ein berre føre opp areal som høyrer til eigedomen, ikkje leigd areal. Arealinformasjon i punkt 1 kan hentast frå Skog og landskap sitt [Gårdskart](#) på internett. I "Produktiv skog" reknar ein med skog av særst høg, middels og låg bonitet. I "Anna areal" reknar ein med kategoriane jorddekt og skrin fastmark, bebyggd, samferdsel, vatn, bre og ikkje klassifisert areal. I punkt 5 skal ein angi behov for areal i forhold til produksjonsomfanget. Før opp areal som eigedomen manglar, og som er nødvendig for å oppfylle krava til spreieareal i [forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 24](#). Når ein skal rekne ut behovet for areal, tek ein ikkje med leigd areal, berre eigd areal. Informasjon om registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar under punkt 6 kan kommunen hjelpe til med å finne. Dei finst òg i karttenester på internett, blant anna:

- o Natur- og landskapsverdiar:
 - Miljødirektoratets karttjeneste [Naturbase](#)
 - Artsdatabankens karttjeneste [Artskart](#)
 - Skog og landskaps kartløsning [Kilden](#)
- o Kulturverdiar:
 - Riksantikvarens [Kulturminnesøk](#)

Registrerte naturverdiar kan eksempelvis vere prioriterte artar og utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova, eller artar og naturtypar oppført i Norsk Rødliste (for artar 2010, for naturtypar 2011). Andre natur- og kulturlandskapsverdiar kan vere områdevern etter naturmangfaldlova, kulturminne etter kulturminnelova, verdifulle kulturlandskap, utvalde kulturlandskap i jordbruket, Miljøregistreringar i skog, vernskog, og område vurdert som svært viktige (A-lokalitet) og viktige (B-lokalitet) i Naturbase.

Rettleiing

G. Tilsyn og brot på nydyrkingsforskrifta

Kommunen skal føre tilsyn med at føresegnene i nydyrkingsforskrifta og vedtak fatta med heimel i den vert følgde, jf. [forskrift om nydyrking § 12](#). Kommunen kan i samband med dette utføre ei synfaring på eigedomen. Kommunen skal gi Fylkesmannen melding om brot. Fylkesmannen skal varsle departementet dersom brotet bør følgast opp ved tvangsgebyr etter andre ledd. Ved brot på forskrifta eller vedtak fatta med heimel i den, kan kommunen pålegge tiltakshavar å reparere skaden, godkjenninga kan trekkast heilt eller delvis tilbake, eller Fylkesmannen kan pålegge den ansvarlege tvangsgebyr, jf. [forskrift om nydyrking § 12](#).


H. Kulturminne

Dersom nydyrkingstiltaket utgjør 15 dekar eller meir av samla overflate over ein periode på fem år, vert det rekna som eit "større privat tiltak", og vert omfatta av undersøkingsplikta i [kulturminnelova § 9](#). I desse sakene vil nydyrkingsforskrifta og kulturminnelova gjelde side om side. Dette betyr at tiltakshavar må ha nødvendige løyve etter begge regelverk før tiltaket kan i settast i gang.

Sjå Klima- og miljøverndepartementet sitt rundskriv [T-2/99 om nydyrkingstiltak](#).

Staten kan dekke utgifter til arkeologisk arbeid dersom desse vert urimeleg tyngande for tiltakshavaren, jf. [kulturminnelova § 10](#). Sjå Klima- og miljøverndepartementet sitt rundskriv som omhandlar mindre, private tiltak: [T-2/2007 om dekning av utgifter til arkeologiske arbeider](#).

Dersom ein treff på automatisk freda kulturminne, jf. [kulturminnelova § 4](#) under gjennomføringa av tiltaket, uavhengig av storleik, skal ein stanse arbeidet og sende melding til fylkeskommune/Samisk kulturminneråd, jf. [kulturminnelova § 8](#).



0 20 40 60m

Målestokk 1 : 4000 ved A4 utskrift
Utskriftsdato: 23.11.2016

GÅRDSKART 1519-128/4
Tilknyttede grunneiendommer:
128/4



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Markslag (AR5) 13 klasser TEGNFORKLARING

—	Fulldyrka jord
≡	Overflatedyrka jord
≡	Innmarksbeite
S	Skog av særs høg bonitet
H	Skog av høg bonitet
M	Skog av middels bonitet
L	Skog av lav bonitet
i	Uproduktiv skog
≡	Myr
—	Åpen jorddekt fastmark
—	Åpen grunnlendt fastmark
—	Bebyggd, samf, vann, bre
—	Ikke klassifisert
Sum:	

AREALTALL (DEKAR)


Fulldyrka jord	43.8
Overflatedyrka jord	0.0
Innmarksbeite	0.0
Skog av særs høg bonitet	20.8
Skog av høg bonitet	5.3
Skog av middels bonitet	4.6
Skog av lav bonitet	0.0
Uproduktiv skog	1.9
Myr	24.5
Åpen jorddekt fastmark	12.3
Åpen grunnlendt fastmark	0.0
Bebyggd, samf, vann, bre	5.1
Ikke klassifisert	0.0
Sum:	118.3

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser

□ Eiendomsgrenser





Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal Fylkeskommune

Volda kommune

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2016/2278	15773/2016	1519/128/4	SKAARA	29.11.2016

1519 GNR/BNR 128/4 - SØKNAD OM GODKJENNING AV PLAN FOR NYDYR KING, ANDRÉ BRUNE

Syner til forskrift om nydyrking fastsett av Landbruksdepartementet 2.mai 1997. Søknaden skal handsamast av den i kommunen som har landbruksfagleg kompetanse. I handsaminga skal det m.a. gå fram om der er andre interesser som vert råka av dyrkinga. Søknaden vert difor sendt på høyring til Volda kommune, Møre og Romsdal Fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal for eventuell fråsegn.

Kort utgreiing om søknaden:

<i>Søklar:</i>	André Brune
<i>Eigedom:</i>	Knr 1519 gnr 128 bnr 4 (Volda)
<i>Driftsomfang:</i>	Sau, om lag 100 v.f.sau
<i>Plassering av dyrkingsfeltet:</i>	Søkker om nydyrking av 35,7 daa på eige bruk. Feltet ligg i Dalsdalen i Dalsfjord, kor ein har eit større areal med dyrkbar jord, og der mykje jord er dyrka frå før. På teigen som søknaden gjeld der det ikkje dyrka før, men det er teke kanalar langs byta som skal turke opp området.
<i>Andre opplysningar om feltet og plan for dyrking:</i>	I følge søknaden utgjør 11,2 daa av dyrkingsfeltet fastmark og 24,5 daa myr. Det er teikna inn drenggrøfter i retning nord – sør der avrenninga skal gå til eksisterande open kanal i det nordlege bytet. Dyrkinga av myra skal skje ved omgraving/djuparbeiding. Det vil seie at i dyrkinga snur jordskikta slik at myra vert lagt nedst med morene/undergrunn øvst. Slik unngår ein nedbryting av myrlaget og arealet får eigenskapar som fastmark. Stein frå feltet skal leggjast i grøftene. I ØK er markslaga nedst; myrvegetasjon/lettbrukt dyrkingsjord/plantemark for skog/grunn myr/blokkrik, og i øvste delen; anna jorddekt fastmark/myrvegetasjon/bonitet

	H for skog/vassjuk skogsmark/mindre lettbrukt dyrkingsjord/blokkrik
<i>Kommunalt leidningsnett og liknande.:</i>	
<i>Kommuneplan m.v.:</i>	Ligg i LNF-område. I nedbørsfeltet til Dalselva. Vi er ikkje kjende med konflikhtar i høve natur eller kultur, og ber om å få dette avklart.
<i>Formål:</i>	Bruket har noko svakt arealgrunnlag slik at det årleg vert kjøpt inn grovfôr. Ein vil difor opparbeide eige ressursar.

Fristen for å kome med fråsegn til søknaden vert sett til 29. desember 2016.

Vi har denne tidsplanen for handsaminga:

- 1) Utsending på høyring 29.november
- 2) Frist for fråsegn 29.desember
- 3) Utsending til Forvaltningsstyret i Volda kommune 3.januar 2016.
- 4) Handsaming i Forvaltningsstyret 10.januar 2017.

I Volda kommune får plan- og miljøkonsulentten søknaden til fråsegn.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Kopi av søknaden med vedlegg



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ørsta kommune
Dalevegen 6
6153 ØRSTA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/2278	29.11.2016	122562/2016/V83	Guro Dehli Sanden, 71 28 03 26	05.12.2016

Uttale til søknad om godkjenning av plan for nydyrking gbnr 128/4 - André Brune

Automatisk freda kulturminne

Vi er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området. Vi har soleis ingen spesielle merknader knytt til arealbruken. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og at ein melder i frå til oss dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, jf. § 8 i kulturminnelova.

Med helsing

Guro Dehli Sanden
Arkeolog/Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur



NOTAT

Frå: Lars Løkeland Slåke

Sak: Gbr 128/4 - godkjenning av plan for nydyrking - Andrè Brune

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/2000	14033/2016	V30	UTV/LARSLA	06.12.2016

FRÅSEGN OM MILJØKONSEKVENSAER VED NYDYR KING

Etter å ha undersøkt det aktuelle område på flybilette, Gislink og naturbase vurderer eg området til ikkje å innehalde vesentlege naturverdiar og ser derfor inga årsak til å avskrive søknaden grunna miljø.

Etter søk i Gislink og Naturbase finn eg ingen vesentlege naturverdiar i området.

Området som ynskas dyrka ligg mellom to allereie dyrka areal og påverknaden på landskapsopplevinga reknast derfor som mindre.

Det er allereie tilkomstveg til området så vegutbygging vil ikkje påverke naturen.

Nydyrking vil alltid vere negativt for det økosystemet ein endrar. Volda kommune slår fast i sin samfunnsdel at Volda kommune skal legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog og fjordbruk, og næringar som er knytt opp til desse. Her må ein vurdere miljø opp mot utvikling av jordbruk.

Mi vurdering er at om ein skal ha utvikling av jordbruk i Volda så bør det skje på stader der det har minst mogleg miljøpåverknad. Området det søkast om i denne søknaden er eit slikt område, og eg vurderer derfor området som egna til nydyrking.

Lars Løkeland Slåke



Ørsta kommune
Dalevegen 6
6153 ØRSTA

ØRSTA KOMMUNE	
Seksjon	Saksh.
Lamøy	Skaara
22 DES 2016	
Saksnr.	2016/2278
Løpenr.	10
Klass.	Tilgk.
1519/128/4	A

Søknad om godkjenning av plan
Ørsta kommune
Nydyrking 37,5 da på gnr128 bnr4 - André Brune

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Søknaden gjeld nydyrking av 35,7 dekar i Dalsdalen i Dalsfjorden. Området er etter kommuneplanen LNF.

Natur- og miljøverninteresser

11,2 dekar av dyrkingsfeltet er fast mark og 24,5 dekar er myr. Planen er å legge drengrofter i retning nord-sør der avrenninga skal gå til eksisterande open kanal i det nordlege bytet. Dyrkinga av myra skal skje ved omgraving/djuparbeiding. Dette betyr at ein snur jordsjiktet slik at myra vert lagt nedst og morene/undergrunn øvst. Dette er ein dyrkingsmetode som er positiv med omsyn til utslepp av klimagassar.

Omsøkte areal er kartlagt som dyrkbart, og det er også dyrkamark på begge sider. Vi kan ikkje sjå at det er gjort naturfaglege registreringar her som tilseier at myra har spesiell verdi. Vi minner likevel om naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.

Landbruksinteresser

Det er opplyst om at bruket har noko svakt arealgrunnlag og krev årleg innkjøp av grovfôr. Det er difor ønske om å opparbeide meir av eigne arealressursar.

Føremålet med forskrift om nydyrking er å sikre at nydyrking skjer på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbiletet. Det skal elles leggjast vekt på å sikre driftsmessig gode løysingar.

I § 5 i forskrifta går det fram at det skal leggst *særleg* vekt på kva verknader tiltaket kan få for natur- og kulturlandskapsverdiane. Ved denne vektlegginga skal det takast omsyn til om det på arealet er sjeldne miljøverdier og kor sjeldne miljøverdiane er.

I vurderinga skal det *for øvrig* leggst vekt på om det ut frå jordlova sin § 1 er ønskelig å styrke driftsgrunnlaget for driftseininga, og om nydyrkingstiltaket legg til rette for driftsmessig gode løysningar.

Konklusjon

Av omsyn til utslepp av klimagassar rår vi på generelt grunnlag til at oppdyrking skjer på areal som ikkje er myr. Vi viser elles til merknadene ovanfor.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)
fung. samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Landbrukskontoret
Ørsta/Volda

Dalevegen 6 6153 ØRSTA

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2016/22
		Arkivkode:	107/ 4

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/17	Forvaltningsutvalet	07.02.2017

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV, GBR.107/4. FOLKESTADSÆTRA

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Folkestad. Dispensasjonen gjeld for oppføring av tilbygg på gnr. 107, bnr. 4.

Vedlegg, prenta:

1. Brev frå Jon Kåre Folkestad, registrert 31.10.2016.
2. Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 16.1.2017.
3. Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 19.1.2017.

Bakgrunn:

Jon Kåre Folkestad har søkt om dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Folkestad. Folkestad informerer om at han i samband med reparasjon av gammalt sel, la nytt tak på selet. Selet vart også utvida med 6.5 m2 for å gi selet ein finare utsjånad. Inngangspartiet til selet har også blitt fornya.

Saksopplysningar:

Planstatus

Området er ikkje regulert. Selet ligg innanfor LNF-C2 i kommunedelplan for Folkestad, godkjent 19.6.2008. LNF-C2 er definert som landbruks-, natur- og friluftsområde med spreidd fritidsbebyggelse.



Utsnitt frå kommunedelplan for Folkestad

Føresegnene til kommunedelplanen inneheld spesifikke krav i høve til LNF-C2. Sitat frå føresegna til planen:


«I LNF- C2 og LNF- C3 kan ikkje arbeid og tiltak som nemnt i pbl. §§ 81, 86a, 86b og 93 finne stad før området inngår i ein reguleringsplan. Innafor desse områda kan gamle/dårlege sel byggast opp att/restaurerast og det kan byggast nye sel/hytter og uthus/fjøs på gamle rettar.

Oppattbygging av gamle dårlege sel skal gjerast i same stil som det opphavlege selet. Det vil vere viktig å så langt som råd få dokumentert opphavlig utsjånad og materialbruk. Dersom oppattbygde sel sjølv vert større enn det opphavlege bør dette skje som ei forlenging av selet. Nye og oppattbygde hytter/sel skal som hovudregel ikkje ha større bruksareal(BRA) enn 50% over det som var vanleg på setra. Uthusfunksjonar, do ol. kan leggjast i eige bygg.»

Omsøkte tiltak er i strid med kommuneplanen sin arealdel, jf. krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Skildring av tiltaket

Søkjar opplyser at selet vart oppført i 1956. I følge teikningar levert av søkjar, hadde selet opphavleg ein storleik på 24 m².



Teikningar innsendt av tiltakshavar i samband med søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, gn. 107, bnr. 4. Grøn stipla line viser opphavleg sel. Blå stipla line viser tilbygg til selet

Selet er dokumentert i Volda kommune sitt stølsregister frå 1991.



Foto frå Stølsregisteret

I samband med reparasjon av selet i 2015, vart selet etter det kommunen kan sjå, utvida med 13,2 m² mot nordvest, jf. teikningar innsendt av tiltakshavar i samband med søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett.

Tiltakshavar har sendt inn bilde som viser selet i dag. Selet har fått eit vesentleg større takutstikk enn opphavleg. Etter det vi kan sjå er vindaug mot Folkestadvatnet (mot søraust) og mot sørvest om lag som på selet i 1991. Selet har også fått endra taktekking, frå tradisjonelle bølgeblikkplater til takplater av stål.



Fotomontasje som viser selet i dag

Dispensasjon frå plankravet

Etter plan- og bygningslova, § 19-1 krev dispensasjon grunngeven søknad. Før vedtak vert fatta, skal naboar varslast. Regionale og statlege mynde skal få høve til å uttale seg før det vert gitt dispensasjonar frå planar og plankrav.

Etter plan- og bygningslova § 19-2, kan det bli gitt dispensasjon dersom ikkje omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert i frå vert vesentleg sett til side.

Vidare er det eit vilkår at fordelane ved å gi dispensasjon skal vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen har ikkje høve til å gi dispensasjon dersom vilkåra ikkje er oppfylt.

Søklar si grunngjeving

Tiltakshavar har allereie utvida selet med 6.5 m². Sitat frå søknad:

«.....Selet ble utvidet med 6.5 m² for å gi et mer finere utseende. Isteden for den gamle inngangen som også var i meget dårlig tilstand ble den også fornyet.»

Høyring – uttalar frå offentlege mynde

Søknad om dispensasjon har vore ute på høyring. Frist for å kome med uttale var sett til 23.1.2017.

Innan fristen kom det inn følgjande merknader:

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 16.1.2017, har ingen særskilte merknader.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 19.1.2017, har ingen merknader til søknaden.

Nabovarsel

Tiltakshavar har sendt ut nabovarsel, datert 15.5.2016. Til grunn for nabovarselet låg søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, då tiltakshavar vurderte tiltaket til å vere i samsvar med plan. Det er ikkje registrert merknader til varselet.

Vurdering:

Jamfør plan- og bygningslova § 19-2, kan det bli gitt dispensasjon dersom ikkje omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert frå vert vesentleg sett til side. Eit viktig mål med krav om utarbeiding av reguleringsplan for området vist i kommunedelplanen, er at ein ønskjer å ivareta eksisterande stølsmiljø på Hamna (Folkestadsætra).

Det er uheldig at tiltakshavar har ført opp tilbygg til selet på gnr. 107, bnr. 4, utan søknad. Tiltaket er klart søknadspliktig. Tiltaket er nabovarsla og saka har vore på høyring til aktuelle instansar. Det er ikkje registrert innvendingar verken frå naboar eller høyringsinstansar.

Tilbygget er oppført i bakkant av selet, og det er etter kommunen si vurdering ikkje framtreddande sett frå Blåfjellsvegen. Hovudfasaden mot vegen er heller ikkje vesentleg endra.

Konklusjon:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Folkestad.

Utviklingssjef
Jørgen Vestgarden

Utskrift av endeleg vedtak:

- Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- Jon Kåre Folkestad, Iverbogen 15, 6120 Folkestad

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Jon Kåre Folkestad
15 Iverbogen
6120 Folkestad

Volda Kommune (Sak nr.2016/22)
Utvikling.

Ved Ingvild Kalvatn

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 2016/22	Ans: Utr
Løpnr:	Sn: Ingvild
31 OKT 2016	
Arkivdel:	BY66
Klassering P:	107/4
Klassering S:	

Viser til søknad om tiltak på sel på Folkestadsætra.


Jeg søker hermed om dispensasjon frå plankrav dat det ikke var opplyst at slik dispensasjon ikke var

nødvendig for reparasjon av gammelt (sel (56 år). Selet ble fornyet med nytt tak da det gamle var i dårlig stand med litt lekkasjer. Selet ble utvidet med 6,5m2 for å gi et mer finere utsende. Isteden for den gamle inngangen som også var i meg dårlig stand ble den også fornyet.

Håper at mine opplysninger vill være til hjelp for videre framgang i saken i framtiden.

Hilsen

Jon Kåre Folkestad



Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder ingen særskilte merknader.

Mvh

Anders Smith-Øvland
Overarkitekt/rådgivar

Møre og Romsdal fylkeskommune

E-post: anders.smith-ovland@mrfylke.no

Tlf: (+47) 71 28 02 41

Mob: (+47) 95 99 98 01

Nettside: www.mrfylke.no



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2016/22	Avd.
Løpnr.	Sh. Berske
23 JAN 2017	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	107/4
Klassering S:	

Volda kommune

Tiltak på sel på Folkestadsætra gnr107 bnr4 - Jon Kåre Folkestad
Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne Børild Skåra rådgjevar jordbruk	Arkivsak nr.:	2015/431	Arkivkode:	38/1
----------------	--	---------------	----------	------------	------

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/17	Forvaltningsutvalet	07.02.2017

GBR 38/1 - OPPRETTING AV PUNKTFESTE - HYTTE I ALDALEN - DISPENSASJON FRÅ PLAN OG JORDLOVSHANDSAMING

Administrasjonen si tilråding:

- Med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert det gitt dispensasjon frå kommunedelplan Hjartåbygda-Aldalen, planID 1996003, for deling av bebygd eigedom, punktfeste frå gnr 38 bnr 1, i samsvar med søknad datert 2.01.2015. Ved handsaming av delingssøknad må det nærare avklarast korleis vassforsyning og utslepp er planlagt løyst, og settast vilkår som sikrar forsvarleg handtering av dette.*
- Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådelinga av festetomt for Hanebakken 10 på eigedomen gnr 38 bnr 1. Delinga vil ikkje svekkje ressursane til eigedomen i særleg grad, og heller ikkje føre til driftsmessige ulemper for landbrukseigedomen.*

Saksvedlegg:

- Søknad om deling frå Lars S. Hjorthaug m/vedlegg, dagsett 02.01.2015
- Førebels svar frå Volda kommune, dagsett 17.04.2015

Samandrag av saka:

Det vert søkt om frådeling av punktfeste for hytte frå gnr 38 bnr 1 i Volda. Tomta er bebygd med hytte, men det er ikkje ordna formell deling av tomt/feste.

Hytta ligg i område avsett til LNF-område og saka krev dispensasjon frå kommunedelplan for området. Det er då også krav om løyve etter jordlova før deling.

Søknaden endrar ikkje vesentleg etablert situasjon i området og er så langt ein kan sjå ikkje i konflikt med andre interesser innan LNF-området.

Saksopplysningar/fakta:


Søknaden er dagsett 02.01.2015, men innstempla i Volda kommune 03.02.2015. Volda kommune har sendt ut førebels svar 17.04.2015, der det mellom anna vert meldt frå om at det

er naudsynt med dispensasjonshandsaming og at landbruksmynde vil gjennomføre handsaming etter jordlova.

Areala det vert søkt på er i kommuneplanen LNF-område.

Ved vegen Hanebakken er det i dag etablert 7 hytter.

4 av desse er festetomter, dei resterande 3 er ikkje frådelt frå hovudbruka.



Skjermndump frå Kilden (NIBIO) der ein har prøvd å omtrentleg markere tomta.

Frådelinga er teikna inn på areal som er registrert som skogsmark av middels bonitet. Det er opparbeid veg (Hanebakken) forbi hytta som går opp til mastene for kraftlinespennet over Austefjorden (420 kV-lina Ørskog – Sogndal).

Tilhøve til plan:

Gjeldande plan for området er kommunedelplan Hjartåbygda og Aldalen, planID 1996003.

Hytta ligg i område Hytta ligg i område avsett til LNF-område og saka krev dispensasjon frå kommunedelplan for området.

Søknaden endrar ikkje vesentleg etablert situasjon i området og er så langt ein kan sjå ikkje i konflikt med natur eller friluftsinnteresser.

Ut frå kartet ligg her 7 hytter innanfor ei heller avgrensa område.

Det er etablert infrastruktur med vegtilknyting til kommunalveg.

Hytta har ikkje etablert godkjent utslepp. Dette må nærare avklarast før delingsløyve vert gitt.

Dersom det er aktuelt med bygging av fleire hytter her må det settast krav om reguleringsplan.

Tilhøve til landbruk:

Utmarka her er ein del av utmarka som Hjartåbygda beitelag SA disponerer.

Vedlagt søknaden ligg det brev frå Ove Bjørneseth, dagsett 02.01.2015. Under tek ein inn sitat frå brevet:

” For ei tid tilbake overtok eg hytteeigedom etter farmor mi, Gudrun Bjørneseth. Hytta er bygd på heimeiteig tilhøyrande Lars S. Hjorthaug. Eigedomen har ikkje vore registrert med punktbeste. Eg ønskjer at dette skal realiserast. Vedlagt ligg nødvendige utfylde skjema, samt kart som syner kvar hytta er plassert geografisk. Eg vonar at prosessen for punktbesteregistrering kan skje snarast råd. ”


Lars S. og Berit Karin Hjorthaug er eigarar av gnr 38 bnr 1. Eigedomen er ut frå gardskartet totalt på 155 daa – fordelt på 18 teigar. Fordeling i daa på ulike markslag:

Full- dyrka jord	Overflate- dyrka jord	Innmarks- beite	Skog sær- høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uproduk- tiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be- bygd	Ikkje klassi- fisert
46	0,6	17,3	0	15,8	28,5	3,3	6,7	8,8	25,7	0,2	2,6	0

Ut frå matrikkelen har eigedomen 2 våningshus, 4 driftsbygningar for landbruk/husdyr, 2 naust, 2 hytter, 2 seterhus. Det kan godt vere at denne lista ikkje er komplett. I tillegg er det 4 festetomter knytt til eigedomen.

Søknaden gjeld fradeling av festetomt for etablert hytte som ut frå kartet ligg på felles grunn for gnr 38 bnr 1, 2 og 3, på ryggen opp mot Nobba. Hytta har fått adressa Hanebakken 10.

Lars S. Hjorthaug har drive med sau på garden. Pr. 01.01.2015 var det 88 vaksne sauer på garden.



Skjermdump frå gardkart (NIBIO) som syner teigane til 38/1.

Vurdering i høve til jordlova:

Med verknad frå 01.07.2013 er det gjort endringar i jordlova sin delingsparagraf, §12. Det er også gitt ut nytt rundskriv: *M-1/2013 Omdisponering og deling*.

§12 Deling i jordlova lyder no slik:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)

I dette tilfellet er omsøkte hyttetomt ikkje registrert som dyrka mark, og det ligg ikkje føre opplysningar om at jorda er dyrkbar. Søknaden vert difor ikkje vurdert etter § 9

Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i jordlova.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og

driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar. Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper i høve landbruk.

I denne saka søker ein om fradeling av punktfeste for hytte. Hytta er oppført og disponert av andre enn grunneigarane. Det er ikkje tidlegare søkt om deling av punktfeste eller tomt for hytta.

Vurderinga skal sjå til at eigedomen etter ei deling har nok ressursar for ei framtidig drift, og ikkje vert vesentleg svekkja. Etter det ein kan sjå har arealet her liten jordbruksmessig verdi anna enn som utmarksbeite. Ein må ta naudsyn til beitebruk. Området er felles utmark for gnr 38 bnr 1, 2 og 3. Etter ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på jmf jordlova, finn vi at ei deling ikkje vil svekkje landbrukseigedomen vesentleg. Med heimel i jordlova tillet ein deling her.

Landbrukskontoret kan ut frå dette tilrå dispensasjon frå LNF-sona i kommuneplanen for fradeling av punktfeste for hytta Hanebakken 10.

.....
Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Lars Hjorthaug, Hjartåvegen 98, 6106 Volda
Ove Bjørneset, Ramsvikhøgda 3, 6012 Ålesund

Kopi:
Ørsta Volda Landbrukskontor v/Børild Skaara
Utvikling- Torgeir Stensø
Teknisk sektor

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Volda kommune

postmottak@volda.kommune.no

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2015/1272	10286/2015	SKAARA	1519/38/1	06.08.2015

1519 GNR/BNR 38/1 - SØKNAD OM DELING AV PUNKTFESTE I ALDALEN - LARS S. HJORTHaug - JORDLOVSHANDSAMING MED SAKSFRAMLEGG OG SAKSUTGREIING

Oversending av tekst for integrering i felles saksframlegg for politisk handsaming.
Saka gjeld: Handsaming etter jordlov
ephorte saksnummer Volda: 2015/431

1519 gnr/bnr 38/1

Tilråding til vedtak:

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Det vert vist til søknad frå Lars S. Hjorthaug om deling av punktfeste for hytte med adresse Hanebakken 10 på gnr 38 bnr 1 i Volda. Plasseringa er på utmarksareal i Aldalen.

Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådelinga av festetomt for Hanebakken 10 på eigedomen gnr 38 bnr 1. Grunngevinga er at delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen i særleg grad, og at det ikkje fører til driftsmessige ulemper for drifta av landbrukseigedomen.

Saksvedlegg:

1. Søknad om deling frå Lars S. Hjorthaug m/vedlegg, dagsett 02.01.2015
2. Førebels svar frå Volda kommune, dagsett 17.04.2015

Samandrag av saka:

Det vert søkt om frådeling av punktfeste for hytte frå gnr 38 bnr 1 i Volda.

Saksopplysningar:

Søknaden er dagsett 02.01.2015, men innstempla i Volda kommune 03.02.2015. Volda kommune har sendt ut førebels svar 17.04.2015, der det mellom anna vert meldt frå om at landbruksmynde vil gjennomføre handsaming etter jordlova.

Vedlagt søknaden ligg det brev frå Ove Bjørneseth, dagsett 02.01.2015. Under tek ein inn sitat frå brevet:

” For ei tid tilbake overtok eg hytteeigedom etter farmor mi, Gudrun Bjørneseth. Hytta er bygd på heimeteig tilhøyrande Lars S. Hjorthaug. Eigedomen har ikkje vore registrert med punktbeste. Eg ønskjer at dette skal realiserast. Vedlagt ligg nødvendige utfylde skjema, samt kart som syner kvar hytta er plassert geografisk. Eg vonar at prosessen for punktfesteregistrering kan skje snarast råd. ”

Lars S. og Berit Karin Hjorthaug er eigarar av gnr 38 bnr 1. Eigedomen er ut frå gardskartet totalt på 155 daa – fordelt på 18 teigar. Fordeling i daa på ulike markslag:

Full- dyrka jord	Overflate- dyrka jord	Innmarks- beite	Skog sær- høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uproduk- tiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be- bygd	Ikkje klassi- fisert
46	0,6	17,3	0	15,8	28,5	3,3	6,7	8,8	25,7	0,2	2,6	0

Ut frå matrikkelen har eigedomen 2 våningshus, 4 driftsbygningar for landbruk/husdyr, 2 naust, 2 hytter, 2 seterhus. Det kan godt vere at denne lista ikkje er komplett. I tillegg er det 4 festetomter knytt til eigedomen.



Søknaden gjeld frådeling av festetomt for etablert hytte som ut frå kartet ligg på felles grunn for gnr 38 bnr 1, 2 og 3, på ryggen opp mot Nobba. Hytta har fått adressa Hanebakken 10. Lars S. Hjorthaug har drive med sau på garden. Pr. 01.01.2015 var det 88 vaksne sauer på garden.

Areala det vert søkt på er i kommuneplanen LNF-område.

Langs vegen Hanebakken er det i dag etablert 7 hytter. 4 av desse er festetomter, resterande 3 er ikkje frådelte frå hovudbruka.

Frådelinga er teikna inn på areal som er registrert som skogsmark av middels bonitet. Det er opparbeid veg (Hanebakken) forbi hytta som går opp til mastene for kraftlinespennet over Austefjorden (420 kV-lina Ørskog – Sogndal).

Utmarka her er ein del av utmarka som Hjartåbygda beitelag SA disponerer.

	Skjermdump frå Kilden (NIBIO) der ein har prøvd å omtrentleg markere tomta.
	Skjermdump frå gardkart (NIBIO) som syner teigane til 38/1.

Vurdering og konklusjon:

Med verknad frå 01.07.2013 er det gjort endringar i jordlova sin delingsparagraf, §12. Det er også gitt ut nytt rundskriv: *M-1/2013 Omdisponering og deling*.

§12 Deling i jordlova lyder no slik:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)

I dette tilfellet er omsøkte hyttetomt ikkje registrert som dyrka mark, og det ligg ikkje føre opplysningar om at jorda er dyrkbar. Søknaden vert difor ikkje vurdert etter § 9

Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i jordlova.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper i høve landbruk.

I denne saka søker ein om frådeling av punktfeste for hytte. Hytta er oppført og disponert av andre enn grunneigarane. Det er ikkje tidlegare søkt om deling av punktfeste eller tomt for hytta.

Vurderinga skal sjå til at eigedomen etter ei deling har nok ressursar for ei framtidig drift, og ikkje vert vesentleg svekkja. Etter det ein kan sjå har arealet her liten jordbruksmessig verdi anna enn som utmarksbeite. Ein må ta naudsynte omsyn til beitebruk. Området er felles utmark for gnr 38 bnr 1, 2 og 3. Ut frå kartet ligg her 7 hytter innanfor ei heller avgrensa

område. Dersom bygging av fleire hytter her vert tema må ein vurdere krav til regulering. Etter ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på jmf jordlova, finn vi at ei deling ikkje vil svekkje landbrukseigedomen vesentleg. Med heimel i jordlova tillet ein deling her.


Landbrukskontoret kan ut frå dette tilrå dispensasjon frå LNF-sona i kommuneplanen for fradeling av punktfeste for hytta Hanebakken 10.

Ørsta, 05.08.2015

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar jordbruk



Ove Bjørneseth
Ramsvikhøgda 3

6012 ÅLESUND

02.01.2015

Tlf.nr, 90 60 80 54

E-post: ove@bjorneseth.no

Volda kommune
Teknikk avd. / oppmåling
Rådhuset
6100 VOLDA

Punktfeste av hyttetomt i Aldalen

For ei tid tilbake overtok eg hytteeigedom etter farmor mi, Gudrun Bjørneseth. Hytta er bygd på heimeteig tilhøyrande Lars S. Hjorthaug.

Eigedommen har ikkje vore registrert med punktfeste. Eg ønskjer at dette skal realiserast.

Vedlagt følgjer nødvendige utfylde skjema, samt kart som syner kvar hytta er plassert geografisk.

Eg vonar at prosessen for punktfesteregistrering kan skje snarast råd.

Vh *Ove Bjørneseth*

*Kontaktdet:
Voldaf Bj.
Tlf 918 63 770*

Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m og § 20-2, samt lov om eigedsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfyllt.
Ved plassmangel, lag eige vedlegg

Søknaden sendast:

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Plass for kommunen sitt stempel

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/431	Ans. UTV
Løpenr.	Sns TS
3 FEB 2015	
Arkivdel: BYGG	
Klassering P: 38/1	
Klassering S:	

Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom:

Heimeishavar(ar) (med blokkbokstavar):

Gnr. Bnr. Fnr. Seksj.nr.
38 1

Lars Hjorthaug

Underskrift:

Lars S. Hjorthaug

Søknaden/rekvisisjonen gjeld:

- ☐ Deling og oppmålingsforretning
☐ Oppretting av festetomt
☒ Oppretting av punktfeste
☐ Anna: (spesifiser) _____
☐ Dispensasjon (dispensasjonssøknad skal grunngjevast på eige ark)

Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål	Sjølvtendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
1	100	m ² Fritidseigedom	☐	☐	Gnr.	Bnr.
2		m ²	☐	☐	Gnr.	Bnr.
3		m ²	☐	☐	Gnr.	Bnr.
4		m ²	☐	☐	Gnr.	Bnr.
5		m ²	☐	☐	Gnr.	Bnr.
6		m ²	☐	☐	Gnr.	Bnr.

Arealdisponering

☐ Kommunedelplan ☐ Reguleringsplan ☐ Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

Avstandar

Går det høgspant kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?

☒ Nei


☐ Ja, avstand: m

Dersom ja, må ein legge ved ei nærare utgreiing/avklaring med ledningseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?

☒ Nei

☐ Ja, avstand: m

Krav til byggegrunn (pbl § 28-1 og §§ TEK10 7-2 og 7-3)		
Er tiltaket plassert i flomutsatt område? ☒ Nei ☐ Ja, angi sikkerhetsklasse	☐ F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år ☐ F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år ☐ F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år	
Er tiltaket plassert i skredutsatt område? ☒ Nei ☐ Ja, angi sikkerhetsklasse	☐ F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år ☐ F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år ☐ F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år	
Andre natur- og miljøtilhøve? ☒ Nei ☐ Ja, dersom ja, beskriv kompenserende tiltak i egne vedlegg		
Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43		
Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå? ☐ Riksveg ☒ Fylkesveg ☐ Kommunal veg ☐ Privat veg		
Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande? ☐ Ny avkøyrsløse frå offentleg veg (plan må vedleggast) ☐ Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse		Dersom delinga betingar vegrett over privat grunn, må dokumentasjon vedrørende dette leggast ved.
Er løyve til avkøyrsløse gitt? ☒ Ja ☐ Nei		
Vassforsyning og avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2		
Offentleg vassverk: ☐ Ja ☐ Nei Offentleg avløpsanlegg: ☐ Ja ☐ Nei Privat vassverk: ☐ Ja ☐ Nei Privat avløpsanlegg: ☐ Ja ☐ Nei		For tilknytning til privat felles vassverk og avløpsanlegg må løyve til å vere tilknytt og til å kunne gjere naudsynt vedlikehald på anlegget, vedleggast. Dersom det ikkje er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggast ved denne søknaden.
Vedlegg		
Vedl. nr.: Beskrivelse	Vedl. nr.: Beskrivelse	
☒ Kart/situasjonsplan ☐ Gjenpart av nabovarsel ☐ Dispensasjonssøknad ☐ Fråsegn, samtykkje, løyver ☐ Andre vedlegg	Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan belyse saka.	
Underskrift av søkjar/rekvirent		
Dato	Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)	Rekvirenten si underskrift
02.01.2015	Ove Bjørneseth	
Adresse		Postnr/stad
Ramsvikhøgda 3		6012 Ålesund
E-postadresse		Telefon
ove@bjorneseth.no		90 60 80 54
Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av		
Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut korrekt, vil faktura verte sendt rekvirent)		
Dato	Betalar sitt namn med blokkbokstavar	Betalar si underskrift
02.01.2015	Ove Bjørneseth	
Adresse		Postnr/stad
Ramsvikhøgda 3		6012 Ålesund



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/982

Arkivkode: 135/2

Utvalsaksnr 14/17
Utval Forvaltningsutvalet

Møtedato
07.02.2017

GBR 135/2 - TILBYGG TIL HYTTE - DANSEN, ÅMELFOT (136/1) - KLAGE OVER VEDTAK I FORVALTNINGSUTVALET SAK 85/16

Administrasjonen si tilråding:

1. *Forvaltningsutvalet tek mottekne klager til fylgje og opphevar sitt vedtak i sak 85/16.*
2. *Sjølv om hytta ligg litt i utkanten av setra ligg den eksponert til og tilbygget vil bli godt synleg. Samla volum og planlagt utbyggingsform bryt sterkt med byggestilen i området og vil vere negativt for den visuelle opplevinga av støylen. Omsynet til landskapet gjer seg også i høgste grad gjeldande i saka. Med grunnlag i dette finn Forvaltningsstyret ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik søkt om.*

Vedleggsliste:

Særutskrift av sak 85/16 med vedlegg. 6.12.2016

Møre og Romsdal Fylkeskommune, klage - brev av 19.12.2016

Ståle Åmelfot, klage- brev av 23.12.2016

Sigmund Åmelfot - Nytt innspel frå søkjar 27.01.2017

Uprenta saksvedlegg:

Kommuneplanen sin arealdel -1990

Kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogram arealdelen - 2016.

Kommuneplanen sin arealdel - planprogram

Saksopplysningar/fakta:

Søknad om løyve til tilbygg til hytte i felleseige på stølen Dansen i Volda kommune vart handsama av Forvaltningsstyret som sak 85/16 den 6.12.2016.

Etter framlegg frå representant Sindre Kvangardsnes vart det med 5 mot 4 røyster gjort slikt vedtak:

"Tiltakshavar har ved denne søknaden bedt om løyve til å gjennomføre ei modernisering av hytta si som kan vere med på at nettopp denne hytta fortsatt kan vere ein del av støylsmiljøet . I motsatt fall vil mest sannsynleg denne hytta lide same skjebne som dei andre sela/hyttene som stod på den opprinnelege støylen.

Forvaltningsstyret ser det som nødvendig at folk får vøle hyttene sine og sette dei i ein slik stand at dei er tenelege for dagens bruk.

Med grunnlag i dette finn forvaltningsstyret å kunne gje dispensasjon til tilbygg slik det er søkt om.

Begrunning;

Dansen er eit sel/hyttefelt som er restar av ein støyl som var aktuell då det var aktiv stølsdrift og heilt andre krav til fritidshus en det er i dagens samfunn. Støylen er ikkje freda, og det er heller ikkje utarbeidd retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialvalg mv. Det er heller ikkje planføresegner for bygging i området. Akkurat dette ber bygningsmassen i området preg av. På tross av dette vert saka handsama som ei dispensasjonssak frå nettopp slike retningslinjer .

Forvaltningsstyret meiner at dette er på grensa til god sakshandssamingsskikk.

Frå den opprinnelege støylen er der kun 2 fjøsar som endå framstår som nokolunde original. Elles så er sela påbygde i forskjellige variantar og storleik alt etter brukarane sine behov. Eit av sela var i så dårleg forfatning at vedkomande eigar ikkje såg seg syn med og sette det i stand, og fekk for nokre få år sidan løyve til nybygg i utkanten av støylen . Det opprinnelege selet står derfor i dag til forfalls og kjem nok til å lide same skjebne som mange andre sel ifrå den tid som ikkje stettar krava til dagens fritidsbustadar. Det viser seg at det er svært få som er interesserte i å bevare desse gamle sela for romantikken si skyld, det ser vi eit godt eksempel på her. Forvaltningsstyret er redd for at den omsøkte hytta vil lide same skjebne som nabosela om slikt løyve ikkje vert gjidd.

I fjellområdet i Indre Dalsfjord er der ca 60 hytter i aktiv bruk. Der er 1 verna støyl i området, og den framstår som original og symboliserer ei svunnen tid.

Forvaltningsstyret meiner at dei støylane som ikkje er freda vert best bevarte ved aktivt bruk. Dette fordrar at eigarane og brukarane får sette desse støylane i ein slik stand at det kan motivere til nettopp slik bruk."

Administrasjonen hadde i saka fylgjande tilråding:

"Sjølv om hytta ligg litt i utkanten av setra ligg den eksponert til og tilbygget vil bli godt synleg. Samla volum og planlagt utbyggingsform bryt sterkt med byggestilen i området og vil vere negativt for den visuelle opplevinga av støylen. Omsynet til landskapet gjer seg også i høgste grad gjeldande i saka.

Med grunnlag i dette finn Forvaltningsstyret ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik søkt om."

Utvalsmedlem Åshild Vik kom med fylgjande framlegg til vedtak:

"Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik som søkt om.

Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å sjå på om der er endringar han kan gjere i forhold til alternativ takform, lenging av bygget mot sør og glasing i tilbygget."

Kopi av saka ligg ved.

Innanfor gjeldande klagefrist ligg det no føre to klager over Forvaltningsstyret sitt vedtak. Det er klage frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, jf brev av 19.12.2016 der det heiter:

Ut frå kulturminneomsyn vil vi med dette klage på vedtaket.

Setra har i dag ingen formell vernestatus, men vi ser heilt klart at dette er ei seter med høg verneverdi, som må vurderast ut frå kriteria i Regional kulturminneplan og

likeeins i lokal kulturminneplan for Volda kommune. Vi vurderer det derfor slik at kommunen må sette strenge krav til framtidige tiltak, slik at desse ikkje øydelegg verneverdien setra sætra har i dag.

Verne vurdering

På bilde 1 ser vi stølen plassering i eit høgfjellsterreng, med høgfjellsvegetasjon utan trær, noko som har gitt stølen ei open og monumental plassering 600 moh. Vi har ikkje vore på staden, men bileta frå SEFRAX-registeret, frå Svein Holmen og flyfoto frå 2010 i GIS-link, syner at stølen i stor grad er opphavleg.

På bilde 2 ser vi den eine steinfjøsen og steinmur under sel. Plasseringa 600 moh med stor bruk av stadleg stein som byggemateriale, viser ressursutnytting både i forhold til bygg og bruk, med matauk i utmark. Bruk av stein var særskilt vanleg der tilgangen på trevirke var dårleg, slik som her, men vi er også kjende med steinhus lengre nede mot sjøen i ytre strok, som til dømes i Sande og Vanylven. Dette er også nytta andre stader på fjellet, men nærleiken til Vanylven gjer steinbruken særskilt interessant her.

.....

På flyfoto ovanfor ser vi at eit sel og hytta har fått uheldig utforma veranda/uteplass, men hytta har til gjengjeld fått torvtak, noko som er bra.

Frå før er hytta eit bygg med ei relativt stor samla grunnflate, med tilbygg i fleire retningar, som over tid har gitt bygget ei noko avvikande form. Det no omsøkte tilbygget med møne og store vindauge, vil forsterke avviket frå den opphavelige bygningsstilen på sæterstølen og medføre at bygget vil bli meir dominerande, særskilt sett frå bilvegen og stien, frå vest.

Planteikningane viser ei relativt kompleks løysning, med mange doble funksjonar i form av inngangar, bad/WC m.m. Kompleksitet synes å kunne vere eit resultat av alle tilbygga, eventuelt omvendt. Tiltak som utvendig veranda manglar i plan og fasadeteikning.

Sjølv om det på sæterstølen finst andre tilbygg, så vil kompleksiteten og omfanget av tilbygg i dette høvet vere avvikande. Vi har av den grunn ikkje gått inn og vurdert alternative løysingar i form av andre byggsloysningar.

Samandrag

Vi veit ikkje om det opphavelige selet låg akkurat der hytta står i dag, men vi vurderer det beste for å bevare verneverdien til sæterstølen, at bygget ikkje vert større enn det det er i dag, særskilt ikkje i form av eit nytt tilbygg.

Omfattande tilbygg, store vindauge og uteplass, er element som vil kunne verke privatiserande og øydeleggande for opplevinga av setra. Ei slik utforming vil heller ikkje vere nokon tilskot til sæterstølen som kulturminne.

For at hytta skal kunne bidra til å verne om den gamle sæterstølen, må eventuelle endringar bli basert på opphavelige byggeprinsipp og form, jf. utdrag frå PBL nedanfor:

"§ 31-1. Ivaretaking av kulturell verdi ved arbeid på eksisterende byggverk
Ved endring av eksisterende byggverk, oppussing og rehabilitering skal kommunen se til at historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til et byggverks ytre, så vidt mulig blir bevart. § 29-2 gjelder tilsvarende."

Konklusjon

Vi vurderer ut i frå nyare tids kulturminneinteresser å måtte påklage kommunens vedtak om dispensasjon. Klagen er heimla i PBL, § 31-1 og kulturminnelova § 1."

Det ligg også føre klage frå ein grunneigar Ståle Åmelfot, som er medeigar i fellesområdet som stølen ligg i, jf brev av 23.12.2016:

Her heiter det m.a. (sjå elles heile merknaden som ligg ved):

"Eg er medeigar i fellesområdet på Dansen, grunneigar på 136/1. Eg mottok nabovarsel frå Sigmind Åmelfot- utan teikning- og som grunneigar har eg ikkje gitt løyve til utviding.

Viser også til at det skal utarbeidast planar for gamle sætrar i kommunen og at ein i påvente av desse stoppar all utbygging/påbygg.

Det er ikkje rett som leiar i Forvaltningsstyret hevdar at hytter/sel forfell. Det er feil, det er mange som er på utkikk etter hytter med enkel stand.

Vidare er utvidinga ikkje ei modernisering, og for dagens eigar er den truleg ikkje for lita. Hytta var i utgangspunktet svært lita- og med velvilje frå grunneigarane vorte utvida fleire gonger. Etter kvart har den vorte svært markert og fell lite naturleg inn i miljøet.

Eg er samd i administrasjonen si tilråding og ber om at Fylkesmannen opphevar vedtaket i Forvaltningsstyret."

Vurdering/konklusjon:

I høve mottekne klager finn eg grunn til å vise til opplysningar gitt i saksutgreiinga i sak 86/16. Det heiter der m.a.:

"Etter I kommuneplanen sin arealdel er denne stølen nemnt som seterområde nr 9, der det er gitt fylgjande retningslinjer:

"Før bygging i seter-/stølsområda skal det gjevast nærare retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialval mv."

Det vart i samband med kommuneplanarbeidet då utarbeidd framlegg til slike retningslinjer. Desse vart lagt fram til politisk handsaming, men vart ikkje godkjent.

Nye framlegg til retningslinjer er ikkje utarbeidd og ein står såleis også i dag utan slike godkjende retningslinjer og plan/føresegner for bygging i området.

I pågåande arbeid med kommuneplanen sin arealdel er det gitt fylgjande føringar for bygging i hytte /seterområda:

5.4 Fritidsbusetnad, setrar og naust.

Gjennom Samfunnsdelen er det formulert målsetting om å styrke og bygge opp om Volda-Ørsta som handles,- kultur og opplevingsdestinasjon. På same måte som ein har eit mål om å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

Kva val ein gjer når ein forvaltar strandsona, setrane og hytteområda, som gjerne ligg i område som er attraktive friluftslivsområde, vert derfor viktig for den framtidige arealbruken.

.....
• *Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.*

.....
Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- *Oppdatering av "Stølsregisteret" med kartlegging og verdsetting av setremiljø.*
- *Utarbeide forslag til retningslinjer for bygging av nye hytter og naust.*

Med grunnlag i ovannemnde vurderer administrasjonen kravet i gjeldande kommuneplanen om slike retningslinjer som eit plankrav, og legg til grunn ei handsaming av saka som dispensasjon frå plankrav i kommuneplan er rett.

Den aktuelle hytta ligg litt i utkanten av seterområdet, men er likevel i sterk grad med på å prege setra som byggeområde og miljø.

Det omsøkte tilbygg er planlagt som tilbygg ved vinkelbygg mot sørvest. Her fell terrenget av mot vegen og vatnet nedanfor og tilbygget vil på ein uheldig måte framheve hytta sin eksponerte plassering.

Administrasjonen i kommunen har i drøftingar med sækjar skt å få han til å endre sknaden ved at tilbygg heller burde skje ved lenging av bygget mot sør, eller ved ei alternativ takform på tilbygget mot sørvest. Kommunen har også peika på at omsøkte glasing i tilbygget ikkje harmonerer med eksisterande byggestil og tradisjonell byggeskikk i dette området."

Det er også i høve til mottekne klager grunn til å vise til dei innspel som låg føre ved handsaming av sak 86/16, frå M.R.Fylkeskommune, med brev av 15.08.2016 og frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 31.08.2016."

Kommunen er no også i gang med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. I planprogrammet tilknytt dette er det m.a fastlagt fylgjande, knytt til **Arealstrategiar for fritidsbusetnad, setrar og naust :**

Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

Oppdatering av "Stølsregisteret" med kartlegging og verdsetting av setremiljø.

Utarbeide forslag til retningslinjer for bygging av nye hytter og naust.

Dette arbeidet er no godt i gang og forsterkar etter administrasjonen si vurdering det krav til betre avklaring som er ønskjeleg før vidare utbygging i desse stølsområda, slik det også vert framheva i mottekne klager.

Her vil ein også vektlegge at Dansen er ein slik særprega stl bde med omsyn til plassering, form og bygningsmessig uttrykk.

Jf også opplysingar gitt Fylkeskommunen si klage, og klage frå og frå medeigar i fellesområdet.

Med det føreslåtte tilbygget vil hytta få ein storleik og ei meir samansett og framand form som sterkt bryt med seterhusa elles.

Gjennom klagene er dei omsyn som er skissert behov for i sak 85/16 understreka og nærare grunnlagt. Administrasjonen vurderer dette som nye opplysningar og ein betra dokumentasjon som gir grunn til ny vurdering av saka.

Klaga frå grunneigar /nabo gir ikkje grunn til endra haldning.

Han er varsla gjennom nabovarselskjema og ikkje då har hatt merknader til saka.

Om der er privatrettslege tilhve som er uavklara er ikkje dokumentert.

Skjar har i brev motteke 27.01.2017 gitt sine kommentarar til dei mottekne klagene.

Her heiter det:

"Som skjar av tilbygg på hytta mi på Dansen, har eg behov for å kome med nokre faktaopplysningar vedrrande dette prosjektet. Dette gjeld i høve til klager fra Ståle Amelfot og Fylkesmannen.

Klage frå Ståle Åmelfot datert 23.12.2016.

Eg og Tordis var personlig inn til Ståle på Ragnvaldmarka med nabovarsel og teikning av nevnte påbygg, han skreiv under på nabovarselet med klagefrist. Vi ville vise han teikningane,men dei var han ikkje interessert i å sjå.

Klage frå Fylkesmannen datert 19.12.2016.

Bilete nr 1, 2,3 og 4 som Fylkesmannen brukar, er fra 1990-talet då det var snakk om verning av setrar.Mykje er endra sidan då. Det grå selet midt på bilde nr 4, er påbygd i 2002 og står i dag fram som ei moderne, fin hytte/sel, mykje brukt i sesongen. Når det gjeld selet bak til høgre for denne, er halve selet vekk, resten står til nedfalls med murar som er i ferd med å sige ut. Fjsen er vekk. Eigar av denne har fått bygge seg ei ny hytte utanfor stylen.

Eg legg ved nokre bilder fra Dansen i dag.

Hytta var har aldri vore ein del av sætrestylen. Far min fikk bygge der ho står i dag i 1960-

61, og den er ikkje bygd på murar frå eit tidligare sel, slik Fylkesmannen antyder. Hytta var 15kvm utvendig.

Fylkesmannen skriv at hytta vår har ei stor samla grunnflate, med tilbygg i fleire retningar, mange doble funksjonar, inngangar, bad/wc, resultat av alle tilbygga osv..

Hytta fekk eit tilbygg i 1981, da vi tok over etter far min, det vart da stove/gang og wc med porta potti. Bildet nr 4 frå Fylkesmannen viser hytta som ho vart da.

Neste byggesteg var i 2002 med ny inngang, biotoalett og lagerrom for ved. Valmataket vart endra til eit møne. Hytta fikk også torvtak. Den er i dag 42 kvm utvendig.

Det har dessverre ikkje vorte teikna riktig rominndeling på dei nye planteikningane frå.2016, som viser at den gamle inngangen med wc er gjort om til soverom. Dette er det opplyst om i eit tilleggsbrev fra 2002 til Volda Kommune, som Fylkesmannen sannsynligvis ikkje har fått tilsendt frå planavdelinga.

Den nye inngangen vart bygd delvis fordi snøen la seg ofte over mønet ved den gamle inngangsdøra, og dette var lite kjekt i påsketider, og delvis for å gi plass til biotoalett.

Hytta framstår i dag som lita og kompakt, det er plass til 3 personar rundt kjøkkenbordet der av desse sit kloss inntil vedaovnen. Familien veks og vi skulle gjerne fått plass til eit standard spisebord istadenfor, derfor søker vi no om utvidelsen vestover. Dette påbygget vil nesten dekke verandaen i dag, og det vil ikkje kome ein ny veranda istadenfor. Innvendig vil dette gi plass til større kjøkkenbord og litt større stovekrok. Hytta vil verte ca 50 kvm, mindre enn veldig mange hytter på Fjordafjellet.

Hvis vindusflatene framstår som store, er det ikkje noko problem i å bruke mindre vindu.

Hensikta med store vindu, var for å få sett den flotte utsikta uten å måtte gå i kneståande, men dette er ikkje eit krav.

Å bygge framover haugen i sør er ikkje ei løysing for oss, der er fjell som då må sprengast, og å bygge ut den vegen vil gi ei lang og markant hytte. Det vil heller ikkje løyse plassproblemet rundt kjøkkenbordet."

Vedlagt brevet er bilete frå området. sjå vedlegg.

Administrasjonen finn etter ei samla vurdering ut klager og tidlegare vurderingar, jf det pågåande arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, å rå til at Forvaltningsutvalet gjer om sitt vedtak i sak 85/16.

Vi vil tilrå at vedtaket i sak 85/16 vert oppheva og at det ver gjort nytt vedtak i samsvar med administrasjonen si tilråding i saka.

Helse og miljøkonsekvensar:

Omsyn til kultur og miljø skal avklarast gjennom utarbeiding av retningslinjer.

Omsøkte tilbygg bryt etter administrasjonen si vurdering med intensjon om tilpassing til byggeskikk og bygningsmiljø i stølsområdet. jf tilråding i sak 86/16.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunal økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende.

.....
Utviklingssjef
Jørgen Vestgarden

Utskrift av endeleg vedtak:

Sigmund Åmelfot, Reset 6, 6105 Volda

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylkesmannen i Møre og Romsdal m. fl

Møre og Romsdal Fylkeskommune

Ståle Åmelfot

Indre Dalsfjord Grendautval

Utvikling



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Sigmund Helge Åmelfot

Reset 6
6105 Volda

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/982	14155/2016	136/ 1	SVK/ BENTKRO	09.12.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - GBR 136/1 - TILBYGG TIL HYTTE - DANSEN, ÅMELFOT

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 06.12.16, hadde føre ovannemnde som sak 85/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Tiltakshavar har ved denne søknaden bedt om løyve til å gjennomføre ei modernisering av hytta si som kan vere med på at nettopp denne hytta fortsatt kan vere ein del av støyismiljøet .

I motsatt fall vil mest sannsynleg denne hytta lide same skjebne som dei andre sela/hyttene som stod på den opprinnelege støylen. Forvaltningsstyret ser det som nødvendig at folk får vøle hyttene sine og sette dei i ein slik stand at dei er tenelege for dagens bruk.

Med grunnlag i dette finn forvaltningsstyret å kunne gje dispensasjon til tilbygg slik det er søkt om.

Begrunning;

Dansen er eit sel/hyttefelt som er restar av ein støyl som var aktuell då det var aktiv stølsdrift og heilt andre krav til fritidshus en det er i dagens samfunn. Støylen er ikkje freda, og det er helder ikkje utarbeidd retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialvalg mv. Det er helder ikkje planføresegner for bygging i området. Akkurat dette ber bygningsmassen i området preg av. På tross av dette vert saka handsama som ei dispensasjonssak frå nettopp slike retningslinjer . Forvaltningsstyret meiner at dette er på grensa til god sakshandssamingsskikk.

Frå den opprinnelege støylen er der kun 2 fjøsar som endå framstår som nokolunde original. Elles så er sela påbygde i forskjellige variantar og storleik alt etter brukarane sine behov. Eit av sela var i så dårleg forfatning at vedkomande eigar ikkje såg seg syn med og sette det i stand, og fekk for nokre få år sidan løyve til nybygg i utkanten av støylen . Det opprinnelege selet står derfor i dag til forfalls og kjem nok til å lide same skjebne som mange andre sel ifrå den tid som ikkje stettar krava til dagens fritidsbustadar. Det viser seg at det er svært få som er interesserte i å bevare desse gamle sela for romantikken si skyld, det ser vi eit godt eksempel på her. Forvaltningsstyret er redd for at den omsøkte hytta vil lide same skjebne som nabosela om slikt løyve ikkje vert gjidd.

I fjellområdet i Indre Dalsfjord er der ca 60 hytter i aktiv bruk. Der er 1 verna støyl i området, og den framstår som original og symboliserer ei svunnen tid. Forvaltningsstyret

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
Stormyra 2	Telefon:	Org. nr:
6100 Volda	70058887	939 760 946
	Telefaks:	Bankgiro:
	70058701	3991.07.81727

meinar at dei støyane som ikkje er freda vert best bevarte ved aktivt bruk. Dette fordrar at eigarane og brukarane får sette desse støyane i ein slik stand at det kan motivere til nettopp slik bruk.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

<https://kommune24-7.no/1519/bruker?retur=%2f1519%2f702514&shortname=702514>

Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel

førstesekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL	Postboks 2520	6404	MOLDE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
INDRE DALSFJORD GRENDELAG	c/o Per Larsgård Steinsvik Steinsvikvegen 2	6120	FOLKESTAD
Jørgen Vestgarden			

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/982

Arkivkode: 136/ 1

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

85/16

Forvaltningsstyret

06.12.2016

GBR 136/1 - TILBYGG TIL HYTTE - DANSEN, ÅMELFOT

Handsaming:

Sindre Kvangardsnes Volda FRP kom med fylgjande framlegg til vedtak:

Tiltakshavar har ved denne søknaden bedt om løyve til å gjennomføre ei modernisering av hytta si som kan vere med på at nettopp denne hytta fortsatt kan vere ein del av støyismiljøet . I motsatt fall vil mest sannsynleg denne hytta lide same skjebne som dei andre sela/hyttene som stod på den opprinnelege støylen. Forvaltningsstyret ser det som nødvendig at folk får vøle hyttene sine og sette dei i ein slik stand at dei er tenelege for dagens bruk. Med grunnlag i dette finn forvaltningsstyret å kunne gje dispensasjon til tilbygg slik det er søkt om.

Begrunning:

Dansen er eit sel/hyttefelt som er restar av ein støyl som var aktuell då det var aktiv stølsdrift og heilt andre krav til fritidshus en det er i dagens samfunn. Støylen er ikkje freda, og det er helder ikkje utarbeidd retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialvalg mv. Det er helder ikkje planføresegner for bygging i området. Akkurat dette ber bygningsmassen i området preg av. På tross av dette vert saka handsama som ei dispensasjonssak frå nettopp slike retningslinjer . Forvaltningsstyret meiner at dette er på grensa til god sakshandssamingsskikk.

Frå den opprinnelege støylen er der kun 2 fjøsar som endå framstår som nokolunde original. Elles så er sela påbygde i forskjellige variantar og storleik alt etter brukarane sine behov. Eit av sela var i så dårleg forfatning at vedkomande eigar ikkje såg seg syn med og sette det i stand, og fekk for nokre få år sidan løyve til nybygg i utkanten av støylen . Det opprinnelege selet står derfor i dag til forfalls og kjem nok til å lide same skjebne som mange andre sel ifrå den tid som ikkje stettar krava til dagens fritidsbustadar. Det viser seg at det er svært få som er interesserte i å bevare desse gamle sela for romantikken si skyld, det ser vi eit godt eksempel på her. Forvaltningsstyret er redd for at den omsøkte hytta vil lide same skjebne som nabosela om slikt løyve ikkje vert gjidd.

I fjellområdet i Indre Dalsfjord er der ca 60 hytter i aktiv bruk. Der er 1 verna støy i området, og den framstår som original og symboliserer ei svunnen tid. Forvaltningsstyret meiner at dei støyane som ikkje er freda vert best bevarte ved aktivt bruk. Dette fordrar at eigarane og brukarane får sette desse støyane i ein slik stand at det kan motivere til nettopp slik bruk.

Åshild Vik kom med nytt framlegg til vedtak:

Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik som søkt om. Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å sjå på om der er endringar han kan gjere i forhold til alternativ takform, lenging av bygget mot sør og glasing i tilbygget.

Røysting:

Kvangardsnes sitt framlegg fikk fem røyster og vart vedteke. Fire røysta mot (Sunde, Vik, Fylling og Bjørkedal)

Vedtak i Forvaltningsstyret - 06.12.2016

Tiltakshavar har ved denne søknaden bedt om løyve til å gjennomføre ei modernisering av hytta si som kan vere med på at nettopp denne hytta fortsatt kan vere ein del av støylsmiljøet .

I motsatt fall vil mest sannsynleg denne hytta lide same skjebne som dei andre sela/hyttene som stod på den opprinnelege støylen. Forvaltningsstyret ser det som nødvendig at folk får vøle hyttene sine og sette dei i ein slik stand at dei er tenelege for dagens bruk.

Med grunnlag i dette finn forvaltningsstyret å kunne gje dispensasjon til tilbygg slik det er søkt om.

Begrunning;

Dansen er eit sel/hyttefelt som er restar av ein støy som var aktuell då det var aktiv stølsdrift og heilt andre krav til fritidshus en det er i dagens samfunn. Støylen er ikkje freda, og det er heller ikkje utarbeidd retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialvalg mv. Det er heller ikkje planføresegner for bygging i området. Akkurat dette ber bygningsmassen i området preg av. På tross av dette vert saka handsama som ei dispensasjonssak frå nettopp slike retningslinjer . Forvaltningsstyret meiner at dette er på grensa til god sakshandssamingsskikk.

Frå den opprinnelege støylen er der kun 2 fjøsar som endå framstår som nokolunde original. Elles så er sela påbygde i forskjellige variantar og storleik alt etter brukarane sine behov. Eit av sela var i så dårleg forfatning at vedkomande eigar ikkje såg seg syn med og sette det i stand, og fekk for nokre få år sidan løyve til nybygg i utkanten av støylen . Det opprinnelege selet står derfor i dag til forfalls og kjem nok til å lide same skjebne som mange andre sel ifrå den tid som ikkje stettar krava til dagens fritidsbustadar. Det viser seg at det er svært få som er interesserte i å bevare desse gamle sela for romantikken si skyld, det ser vi eit godt eksempel på her. Forvaltningsstyret er redd for at den omsøkte hytta vil lide same skjebne som nabosela om slikt løyve ikkje vert gjidd.

I fjellområdet i Indre Dalsfjord er der ca 60 hytter i aktiv bruk. Der er 1 verna støy i området, og den framstår som original og symboliserer ei svunnen tid. Forvaltningsstyret meiner at dei støyane som ikkje er freda vert best bevarte ved aktivt bruk. Dette fordrar at eigarane og brukarane får sette desse støyane i ein slik stand at det kan motivere til nettopp slik bruk.

Administrasjonen si tilråding:

Sjølvs om hytta ligg litt i utkanten av setra ligg den eksponert til og tilbygget vil bli godt synleg. Samla volum og planlagt utbyggingsform bryt sterkt med byggestilen i området og vil vere negativt for den visuelle opplevinga av støyen. Omsynet til landskapet gjer seg også i høgste grad gjeldande i saka.

Med grunnlag i dette finn Forvaltningsstyret ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik søkt om.

Vedleggsliste:

Søknad om byggeløyve med vedlegg

Innspeil ved høyring

Uprenta saksvedlegg:

Kommuneplanen sin arealdel -1990

Kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogram arealdelen - 2016.

Saksopplysningar/fakta:

Det er motteke søknad om løyve til tilbygg til hytte på Dansen seter i Volda kommune.

Hytta ligg i felleseige på stølen.

Det er ikkje utarbeidd eigen reguleringsplan for området.

I kommuneplanen sin arealdel er denne stølen nemnt som seterområde nr 9, der det er gitt fylgjande retningslinjer:

"Før bygging i seter-/stølsområda skal det gjevast nærare retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialval mv."

Det vart i samband med kommuneplanarbeidet då utarbeidd framlegg til slike retningslinjer. Desse vart lagt fram til politisk handsaming, men vart ikkje godkjent.

Nye framlegg til retningslinjer er ikkje utarbeidd og ein står såleis også i dag utan slike godkjende retningslinjer og plan/føresegner for bygging i området.

I pågåande arbeid med kommuneplanen sin arealdel er det gitt fylgjande føringar for bygging i hytte /seterområda:

5.4 Fritidsbusetnad, setrar og naust.

Gjennom Samfunnsdelen er det formulert målsetting om å styrke og bygge opp om Volda-Ørsta som handles,- kultur og opplevingsdestinasjon. På same måte som ein har eit mål om å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

Kva val ein gjer når ein forvaltar strandsona, setrane og hytteområda, som gjerne ligg i område som er attraktive friluftslivsområde, vert derfor viktig for den framtidige arealbruken.

.....

Arealstrategiar for fritidsbusetnad, setrar og naust :

- *Nye område for fritidsbustader og naust skal i størst muleg grad utnytte eksisterande infrastruktur og organiserast i felt/naustrekker.*

.....

- *Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.*

.....

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- *Oppdatering av "Stølsregisteret" med kartlegging og verdsetting av setremiljø.*
- *Utarbeide forslag til retningslinjer for bygging av nye hytter og naust.*

Med grunnlag i ovannemnde vurderer administrasjonen kravet i gjeldande kommuneplanen om slike retningslinjer som eit plankrav, og legg til grunn ei handsaming av saka som dispensasjon frå plankrav i kommuneplan.

Den aktuelle hytta ligg litt i utkanten av seterområdet, men er likevel i sterk grad med på å prege setra som byggeområde og miljø.

Det omsøkte tilbygg er planlagt som tilbygg ved vinkelbygg mot sørvest. Her fell terrenget av mot vegen og vatnet nedanfor og tilbygget vil på ein uheldig måte framheve hytta sin eksponerte plassering.

Administrasjonen i kommunen har i drøftingar med søkjar søkt å få han til å endre søknaden ved at tilbygg heller burde skje ved lenging av bygget mot sør, eller ved ei alternativ takform på tilbygget mot sørvest. Kommunen har også peika på at omsøkte glasing i tilbygget ikkje harmonerer med eksisterande byggestil og tradisjonell byggeskikk i dette området.

Tiltakshavar ynskjer ikkje å gå inn på slike endringar og ynskjer at søknaden vert handsama slik den er no. Utbygging i bygget si lengderetning er etter hans syn vanskeleg ut frå terrengmessige omsyn.

Saka har i høve dispensasjon frå plankravet vore sendt på høyring.

Det ligg føre fylgjande innspel:

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 15.08.2016:

Hytta ligg heilt tett inntil ei gammal seter, med 6 registreringar i kulturminneregisteret SEFRAK. Setra er frå om lag 1860 og blei registrert i 1992. Bileta nedanfor er teke i samband med denne registreringa. Vi er ukjend med korleis tilstanden er no, men med utbreidd bruk av stein vil vi tru ei del av bygningsmassen er bevart. I samband med arbeidet med kommunal kulturminneplan ser dette ut som ei spennande seter, som bør bli vurdert for å få plass der. Plasseringa på ca. 600 moh, og stor bruk av tilgjengeleg stein som byggemateriale, syner ressursutnytting både i forhold til bygg og matauk i utmark. Bruk av stein var særleg vanleg der tilgangen på trevirke var dårleg som her på fjellet, men vi er elles og kjend med steinhus lengre ned heilt i ytre strok, som til dømes i Sande og Vanylven.

Det største av sela har nær lik storleik på grunnflata som hytta, medan resten av bygningane på setra er vesentleg mindre. Med det føreslåtte tilbygget vil hytta få ei meir samansett og framand form enn seterhusa, og den vil bli langt større enn dei andre bygninga. Med plasseringa så tett inn i setermiljøet meiner vi det er svært uheldig at hytta skal verte meir dominerande enn den allereie er. Vi rår difor sterk frå godkjenning av planane, og vil vurdere å klage dersom det vert gjeve løyve til tilbygg.

Automatisk freda kulturminne

Vi er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle

området. Vi har soleis ingen spesielle merknader knytt til arealbruken. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og at ein melder i frå til oss dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, til dømes kolhaldige jordlag, eller konsentrasjonar med brent stein og kol, jf. § 8 i kulturminnelova.

Konklusjon

Med plasseringa så tett inn i setermiljøet meiner vi det er svært uheldig at hytta skal verte meir dominerande enn den allereie er. Vi rår difor sterk frå godkjenning av planane, og vil vurdere å klage dersom det vert gjeve løyve til tilbygg.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 31.08.2016

Saka gjeld søknad om løyve til tilbygg til hytte på Dansen seter. Støylen ligg på 600 moh. i eit ope fjellterreng. Der er 4 sel, 2 steinfjøsar og ein mur, og støylen ligg monumentalt plassert på ei høgd.

I kommuneplanen sin arealdel er Dansen nemnt som seterområde, nr 9, der det star følgjande: For bygging i seter-/stølsområda skal det gjevast nærare retningslinjer m.a. med omsyn til miljø, byggeskikk, materialval mv. Det er ikkje utarbeidd slike retningslinjer, og kommunen har difor ikkje planføresegner for bygging i området, sjølv om det tydeligvis har vore intensjonen å utarbeide slike.

Natur-og miljøverninteresser

Etter omsøkte utviding på 8,8 m² vil bygningen få ein storleik på 52 m², noko som er langt større enn dei andre bygningane her. Den ligg litt i utkanten av resten av sela på setra, men den ligg eksponert til og tilbygget vil bli godt synleg og dominerande når ein kjem opp stien frå vegen til seterområdet. Sjølv om tilbygget i seg sjølv er beskjedent, vil plasseringa og den utstrakte bruken av glas vere negativt for den visuelle opplevinga av støylen. Omsynet til landskapet gjer seg i høgste grad gjeldande i denne saka, og kommunen bør legge stor vekt på at eventuelle tiltak ikkje forringar dei store naturgjevne og kulturhistoriske kvalitetane i dette og tilsvarande område.

Vi vonar kommunen utarbeider retningslinjer for stølsområda i det arbeidet som no er i gang med ny kommuneplan. Vi minner dessutan om presedensverknaden saka sitt utfall vil få for tilsvarande søknader.

Saka sett i høve til Kommuneplanen sin samfunnsdel/arealdel:

Vurdert i saka.

Helse og miljøkonsekvensar:

Omsyn til kultur og miljø skal avklarast gjennom utarbeiding av retningslinjer.

Omsøkte tilbygg bryt etter administrasjonen si vurdering med intensjon om tilpassing til byggeskikk og bygningsmiljø i stølsområdet. jf tilråding i saka.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunal økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende.

Vurdering og konklusjon:

Med det føreslåtte tilbygget vil hytta få ein storleik og ei meir samansett og framand form som sterkt bryt med seterhusa elles. Med plasseringa så tett inn i setermiljøet vurderer ein det som svært uheldig at hytta skal utbyggast i storleik og form som omsøkt. Vi rår difor frå godkjenning av søknaden.

.....
Utviklingssjef
Jørgen Vestgarden

Utskrift av endeleg vedtak:
Sigmund Åmelfot, Reset 6, 6105 Volda

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylkesmannen i Møre og Romsdal m. fl
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Indre Dalsfjord Grendautval
Utvikling



Møre og Romsdal
fylkeskommune

FYLKESRÅDMANNEN

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/982	09.12.2016	126111/2016/DISPENSASJON/1519	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	19.12.2016

Klage på vedtak - Volda kommune - tilbygg til hytte på Dansen seter gbnr 136/1 Åmelfot – dispensasjon frå kommuneplan

Innleiing

Viser til dykkar brev av 9.12.2016 med melding om politisk vedtak som gir løyve til tilbygg på sel/hytte på Dansen, Åmelfot. Ut frå kulturminneomsyn vil vi med dette klage på vedtaket.

Setra har i dag ingen formell vernestatus, men vi ser heilt klart at dette er ei seter med høg verneverdi, som må vurderast ut frå kriteria i Regional kulturminneplan og likeeins i lokal kulturminneplan for Volda kommune. Vi vurderer det derfor slik at kommunen må sette strenge krav til framtidige tiltak, slik at desse ikkje øydelegg verneverdien setra sætra har i dag.

Vernevurdering




Bileta ovanfor er teke av Svein Holmen i samband med eit arbeid med å vurdere verneverdien av setrar i Volda. Arbeidet er ikkje vidareført til ein endeleg plan.

På bilde 1 ser vi stølens plassering i eit høg fjellsterreng, med høg fjellsvegetasjon utan trær, noko som har gitt stølen ei open og monumental plassering 600 moh. Vi har ikkje vore på staden, men bileta frå SEFRAK-registeret, frå Svein Holmen og flyfoto frå 2010 i GIS-link, syner at stølen i stor grad er opphavleg.

På bilde 2 ser vi den eine steinfjosen og steinmur under sel. Plasseringa 600 moh med stor bruk av stadleg stein som byggemateriale, viser ressursutnytting både i forhold til bygg og bruk, med matauk i utmark. Bruk av stein var særskilt vanleg der tilgangen på trevirke var dårleg, slik som her, men vi er også kjende med steinhus lengre nede mot sjøen i ytre strok, som til dømes i Sande og Vanylven. Dette er også nytta andre stader på fjellet, men nærleiken til Vanylven gjer steinbruken særskilt interessant her.

Vurdering av hytta og tenkt tilbygg



Bilete ovanfor er tatt frå enden av vegen og frå stien opp mot sæterstøylen, frå vest. Den aktuelle hytta ligg lengst til høgre.




På flyfoto ovanfor ser vi at eitt sel og hytta har fått uheldig utforma veranda/uteplass, men hytta har til gjengjeld fått torvtak, noko som er bra.

Frå før er hytta eit bygg med ei relativt stor samla grunnflate, med tilbygg i fleire retningar, som over tid har gitt bygget ei noko avvikande form. Det no omsøkte tilbygget med møne og store vindaug, vil forsterke avviket frå den opphavelige bygningsstilen på sæterstøylen og medføre at bygget vil bli meir dominerande, særskilt sett frå bilvegen og stien, frå vest.

6. (planteikning)

Planteikningane viser ei relativt kompleks løysning, med mange doble funksjonar i form av inngangar, bad/WC m.m. Kompleksitet synes å kunne vere eit resultat av alle tilbygga, eventuelt omvendt. Tiltak som utvendig veranda manglar i plan og fasade-teikning.

Sjølv om det på sæterstøylen finst andre tilbygg, så vil kompleksiteten og omfanget av tilbygg i dette høvet vere avvikande. Vi har av den grunn ikkje gått inn og vurdert alternative løysingar i form av andre tilbyggs-løysingar.



Samandrag

Vi veit ikkje om det opphavlege selet låg akkurat der hytta står i dag, men vi vurderer det beste for å bevare verneverdien til sæterstøyen, at bygget ikkje vert større enn det det er i dag, særskilt ikkje i form av eit nytt tilbygg.

Omfattande tilbygg, store vindaug og uteplass, er element som vil kunne ville verke privatiserande og øydeleggande for opplevinga av setra. Ei slik utforming vil heller ikkje vere nokon tilskot til seterstøyen som kulturminne.

For at hytta skal kunne bidra til å verne om den gamle sæterstøyen, må eventuelle endringar bli basert på opphavelag byggeprinsipp og form, jf. utdrag frå PBL nedanfor:

*§ 31-1. Ivaretagelse av kulturell verdi ved arbeid på eksisterende byggverk
Ved endring av eksisterende byggverk, oppussing og rehabilitering skal kommunen se til at historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til et byggverks ytre, så vidt mulig blir bevart. § 29-2 gjelder tilsvarende.*

Konklusjon

Vi vurderer ut i frå nyare tids kulturminnes interesser å måtte påklage kommunens vedtak om dispensasjon. Klagen er heimla i PBL, § 31-1 og kulturminnelova § 1.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Fagsaksbehandlar

Kulturminne frå nyare tid: Arkitekt, Toril Moltubakk, tlf. 71 28 03 37

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgivar Bente Thornes Kosberg, 71 25 84 78

Vår dato
04.01.2017
Dykkar dato

Vår ref.
2017/48/BETH/423.1
Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
2016/982	Avd. Utv. Perhel
05 JAN 2017	
BYGG 136/1	

Volda kommune - klagesak etter plan- og bygningsloven - oversending av klage

Fylkesmannen viser til vedlagte klagebrev frå Ståle Åmelfot, der det blir klaga på vedtak i Forvaltningsstyret den 06.12.16 om tilbygg til hytte på gnr. 136 bnr. 1. Klagen vart motteke her 28.12.16.

Ein klage på eit kommunalt vedtak skal setjast fram for kommunen som har gjort vedtaket, og kommunen skal gjere dei undersøkingar som klagen gir grunn til, jf. forvaltningsloven § 33. Kommunen kan oppheve eller endre vedtaket dersom klagen gir grunn til det. Dersom vilkåra for å behandle klagen ikkje er oppfylte, skal kommunen avvise klagen. Dersom kommunen ikkje finn grunn til å avvise klagen, eller oppheve eller endre vedtaket, skal saka sendast til fylkesmannen som klageinstans for endeleg avgjerd.

Klagen blir med dette oversend til kommunen for slik førebuande klagebehandling.

Med helsing

Bente Thornes Kosberg (e.f.)
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Klage datert 23.12.16

Kopi:
Ståle Åmelfot Ragnvaldmarka 4 6102 VOLDA

Fylkesmannen i Hordaland

Klage på politisk vedtak Gnr. 136/1 i
Volda kommune - tilbygg til hytte.

Vil med dette klage på vedtaket
i Forvaltningsstyret 6.12.2016 - utskrift
fra kommunen 6.12. og som eg mottok
pr. post 16.12.

eg er medeigar i fellesområdet
på Dansen, grunneigar Gnr. 136/1.

eg mottok nabovarsel fra Sigmund
Amulf - utan tilknyting - og som grunn-
eigar har eg ikkje gitt løyve til utviding.

Viser også til at det skal utarbeidast
planar for gamle setras i kommunen
og at ein i påvente av desse stoppar
all utbygging / påbygg.

Det er ikkje rett som heiar i
Forvaltningsstyret hevdar at gamle
hytter/sel forfall. Det er feil, det
er mange som er på rettikekk
etter hytte med enkel standard - og
gjørne held desse i stand.

Veidare er utviding ikkje ei
modernisering, og for dagen i går
er den truleg ikkje for liten.



Hytta var i utg. punktet svært
lita - og med velvilje frå grunn-
eigarane vorte utvida fleire
gongar. Etter kvart har den vorte
svært markert og fell lite naturleg
inn i miljøet.

Det er samd i Administrasjonen
si tilråding og ber om at
Fylkesmannen opphevar vedtaket
i Forvaltningsstyret.

Volda 23/12-2016

Ståle Amulft
Ragnvaldmarka 4.
6102 Volda.

Til Forvaltningsstyret i Volda Sak 2016/982

2016/982	Ans Ltv Perhel
27. JAN 2017	
BYGG 135/2	

Som søker av tilbygg på hytta mi på Dansen, har eg behov for å kome med nokre faktaopplysningar vedrørende dette prosjektet. Dette gjeld i høve til klager frå Ståle Åmelfot og Fylkesmannen.

Klage frå Ståle Åmelfot datert 23.12.2016.

Eg og Tordis var personlig inn til Ståle på Ragnvaldmarka med nabovarsel og teikning av nevnte påbygg, han skreiv under på nabovarselet med klagefrist. Vi ville vise han teikningane, men dei var han ikkje interessert i å sjå.

Klage frå Fylkesmannen datert 19.12.2016.

Bilete nr 1, 2,3 og 4 som Fylkesmannen brukar, er frå 1990-talet då det var snakk om verning av sætrar. Mykje er endra sidan då. Det grå selet midt på bilde nr 4, er påbygd i 2002 og står i dag fram som ei moderne, fin hytte/sel, mykje brukt i sesongen. Når det gjeld selet bak til høgre for denne, er halve selet vekk, resten står til nedfalls med murar som er i ferd med å sige ut. Fjosen er vekk. Eigar av denne har fått bygge seg ei ny hytte utanfor støylen. Eg legg ved nokre bilder frå Dansen i dag.

Hytta vår har aldri vore ein del av særestøylen. Far min fikk bygge der ho står i dag i 1960-61, og den er ikkje bygd på murar frå eit tidligare sel, slik Fylkesmannen antyder. Hytta var 15 kvm utvendig.

Fylkesmannen skriv at hytta vår har ei stor samla grunnflate, med tilbygg i fleire retningar, mange doble funksjonar, inngangar, bad/wc, resultat av alle tilbygga osv..

Hytta fekk eit tilbygg i 1981, då vi tok over etter far min, det vart då stove/gang og wc med porta potti. Bildet nr 4 frå Fylkesmannen viser hytta som ho vart då.

Neste byggesteg var i 2002 med ny inngang, biotoalett og lagerrom for ved. Valmataket vart endra til eit møne. Hytta fikk også torvtak. Den er i dag 42 kvm utvendig.

Det har dessverre ikkje vorte teikna riktig rominndeling på dei nye planteikningane frå 2016, som viser at den gamle inngangen med wc er gjort om til soverom. Dette er det opplyst om i eit tilleggsbrev frå 2002 til Volda Kommune, som Fylkesmannen sannsynligvis ikkje har fått tilsendt frå planavdelinga.

Den nye inngangen vart bygd delvis fordi snøen la seg ofte over mønet ved den gamle inngangsdøra, og dette var lite kjekt i påsketider, og delvis for å gi plass til biotoalett.

Hytta framstår i dag som lita og kompakt, det er plass til 3 personar rundt kjøkkenbordet der 2 av desse sit kloss inntil vedaovnen. Familien veks og vi skulle gjerne fått plass til eit standard spisebord istadenfor, derfor søker vi no om utvidelsen vestover. Dette påbygget vil nesten dekke verandaen i dag, og det vil ikkje kome ein ny veranda istadenfor. Innvendig vil dette gi plass til større kjøkkenbord og litt større stovekrok. Hytta vil verte ca 50 kvm, mindre enn veldig mange hytter på Fjordafjellet.


Hvis vindusflatene framstår som store, er det ikkje noko problem i å bruke mindre vindu. Hensikta med større vindu, var for å få sett den flotte utsikta uten å måtte gå i kneståande, men dette er ikkje eit krav.

Å bygge framover haugen i sør er ikkje ei løysing for oss, der er fjell som då må sprengast, og å bygge ut den vegen vil gi ei lang og markant hytte. Det vil heller ikkje løyse plassproblemet rundt kjøkkenbordet.

Tordis og Sigmund Åmelfot, 25.01.2017

1 vedlegg

Tordis Åmelfot
Sigmund Åmelfot



Hytta 2015



Til venstre 2 sel, til høyre Sigmund og Tordis si hytte



Hytta til Tordis og Sigmund, 2015



Halvt sel, resten til nedfalls. Dette selet er ved inngangen til seterstølen, gjerdet markerer det.



Til venstre litt av sel som er ombygd, det halve selet og ruinene etter den gamle fjøsmuren.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/108

Arkivkode: 6/ 25

Utvalsaksnr **Utval**
15/17 Forvaltningsutvalet

Møtedato
07.02.2017

**GBR 6/25 OG 26 - VORPIRAR OG FLYTEBRYGGE VED
NAUST/FRITIDSEIGEDOMAR
KLAGE OVER VEDTAK I SAK 77/16 JF. SAK 43/16 I FORVALTNINGSUTVALET**

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som ikkje var kjende for utvalet ved tidlegare handsaming og som gir grunn til endra vedtak i saka.

Forvaltningsstyret held fast på sitt vedtak i sak 77/16.

Vedleggsliste:

Forvaltningsstyre sak 43/16 med vedlegg	12.05.2016
Forvaltningsstyre sak 62/16 med vedlegg	30.08.2016
Oversending Fylkesmannen som klageorgan, brev	05.09.2016
P.Mulvik as - framlegg til justerte planar for tiltaket	22.09.2016
Forvaltningsstyret sak 77/16	15.11.2016
Fylkesmannen i Møre og Romsdal - klage over vedtak i Forvaltningsstyret	13.12.2016
P.Mulvik as /tiltakshavar - innspel til klage og kommunen si sakshandsaming	16.01.2017.

Samandrag av saka:

Det vart den 19.01.2016 søkt byggeløyve for bygging av vorar/moloar ved etablerte naust/fritidsbustader i Berkvika, gnr 6/25 og 6/26 i Volda kommune. Søknaden var stila som søknad om dispensasjon frå gjeldande plan.

Etter gjennomført høyring vart saka fremja for handsaming i forvaltningsstyret i sak 43/16 den 12.05.2016.

Forvaltningsstyret avslo dispensasjonssøknaden, jf. vedtak i saka.

På vegne av tiltakshavar har P.Mulvik as med brev av 31.05.2016 klaga på vedtaket i sak 43/16.

Sak om klage vart fremja for handsaming i Forvaltningsstyret i sak 62/16 i

Forvaltningsstyret den 30.08.16, der Forvaltningsstyret ikkje fann at klaga ga grunn til endra haldning og heldt fast på sitt tidlegare vedtak. I vedtaket i saka vart det gitt fylgjande tillegg:
"Forvaltningsstyret held såleis fast på sitt vedtak i sak 43/16.

Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å kome tilbake med ein ny søknad som tek utgangspunkt i det som er påpeika i saka."

Saka vart oversendt Fylkesmannen som klageorgan, med brev av 05.09.2016.

Med grunnlag i forvaltningsstyret sitt vedtak i sak 62/16 har søker- P.Mulvik as - utarbeidd framlegg til endra løysing/justert plan for tiltaket. Slik søknad er motteken av kommunen den 22.09.2016.

Endra søknad er fremja for ny handsaming i forvaltningsstyret i sak 77/16 den 15.11.2016.

Tilrådinga frå administrasjonen var også då å ikkje godkjenne endra søknad.

Forvaltningsstyret gjorde fylgjande vedtak:

1. Forvaltningsstyret vurderer dei tiltenkte vorane som eit lite terrenginngrep i ei elles mykje utbygd strandsone. Forvaltningsstyret gir difor dispensasjon frå pbl. § 1-8 og gir løyve til tiltaket.

2. Bygging av vorane vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad frå dagens situasjon, og vil heller ikkje hindre fri ferdsel i strandsona.

3. Bygging av vorane må utførast med varsemd i forhold til miljø og naturmangfald.

Begrunning:

I og med at det på tomte er bygd hytter med stød, så er difor dette eit pårekneleg og nødvendig tiltak for å beskytte båtane sine i eit verhardt område. Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naust og hyttemiljø som sikrar ei vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og det omsøkte tiltaket vil vere positivt for bygda. Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Endra søknad og nytt vedtak i Forvaltningsstyret er sendt over til Fylkesmannen ved brev av 23.11.2016.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal - har i brev av 23.11.2016 påklaga dette vedtaket i Forvaltningsstyret 13.12.2016

Fylkesmannen i Sør-trøndelag er oppnemnt som settefylkesmann etter som Fylkesmannen i Møre og Romsdal er klagar.

Før klagehandsaming skal kommunen ved forvaltningsutvalet handsame klaga som førsteinstans, jf. saksutgreiinga nedanfor.

P.Mulvik as /tiltakshavar - har i brev av 16.01.2017 gitt innspel til klage og kommunen si sakshandsaming tilknytt søknad og tidlegare handsaming.

Dette vert nærare kommentert i saka.

Saksopplysningar/fakta:



Det vart den 19.01.2016 søkt byggeløyve for bygging av vorar/moloar ved etablerte naust/fritidsbustader i Berkvika, gnr 6/25 og 6/26 i Volda kommune. Søknaden var stila som søknad om dispensasjon frå gjeldande plan.

Etter gjennomført høyring vart saka fremja for handsaming i forvaltningsstyret i sak 43/16 den 12.05.2016.

Forvaltningsstyret av slo dispensasjonssøknaden, jf. vedtak i saka der det heiter:

"Forvaltningsstyret finn at omsøkte tiltak vil framstå som svært bastante konstruksjonar i ei elles lite påverka fjørestrekning. Dispensasjon for tiltaket vil gje ytterlegare privatisering av området, og vil også kunne gje presedensverknad for ei vidare negativ utvikling i dette området, og andre tilsvarande strandområde i kommunen.

Ut frå dette finn ein ikkje å ville gje dispensasjon frå reglane i plan og bygningslova §1-8 for tiltaket."



Tiltaket slik det vart søkt om i sak 43/16.

Vedtaket vart påklaga av sækjar ved brev av 31.05.2016, der det heiter:

"Per Mulvik AS vil på vegne av tiltakshavar (-ane) for fritidseigedomane 6/25 og 6/26 i Berkvika, framsette formell klage på vedtak gjort i Forvaltningsstyret 10.05.2016. Utvalssaksnummer 43/16.

Tiltakshavar (TH) har fått avslag på sin søknad om etablering av vorar og flytebrygge i tilknytning til sine etablerte fritidseigedomar/ naust. TH har utarbeidd eit klagebrev (vedlegg) , som gjev ei grunngjeving for klaga. TH syner til tilsvarande etablerte vorar og flytebrygger i det same området, og ein opplever forskjellbehandling ved at det no vert gjeve avslag på søknaden. Tiltaket vil etter TH sitt syn ikkje vere til hinder for den frie ferdsel i strandsona, og vil vere ein viktig faktor for å kunne ha eit trygt tilflot med båt.

Ein vonar difor at Forvaltningsstyret i Volda kommune kan ta saka opp til ny vurdering, og at ein i samband med dette kan foreta ei synfaring til det aktuelle området i Berkvika. Dette vil etter vårt syn vere viktig for å danne seg eit heilheitsinntrykk av den faktiske situasjonen."

Som vedlegg til klaga fylgde også skriv frå tiltakshavar der det var uttalt fylgjande:

"Vi meiner at dispensasjon til vårt tiltak ikkje vil gje presedens. Presedensverknad må heller sjåst på ved løyve som tidlegare er gitt til flytebrygger/anlegg nord og sør- for oss.

Fjørestrekninga er slik vi ser det ikkje lite påverka frå tidlegare.

Dei fleste gamle nausta har vorar, for å bryte bølger og sikre godt tilflot.

Dette er heilt nødvendig for å få båt inn og ut av nausta.

Vorane vi ynskjer å få løyve til er til dette formålet.


Vi kan endre bredder og lengd slik at vårt tiltak ikkje vil avvike frå desse.

Vi vil redusere omfanget til det som kan vere mulig å få løyve til


Materialvalg vil verte valgt etter det som vil vere ynskjeleg for at søknaden skal verte imøtekomt. Vorane vil ikkje vere til hinder for fri ferdsel i strandsona

Tidlegare vorar i område er etablerte med 3-10 m mellomrom, vi ser derfor ikkje noko negativt i dette tiltaket. Vi meiner det og vert feil å samanlikne med område sør- for våre naust, då det der føreligg ein eigen reguleringsplan

I eit utsett sjøområde er det heilt nødvendig med eit sikkert tilflot, og det er det dette tiltaket skal sikre. Ei ynskjer at kommunen/forvaltningsstyret kjem på ei synfaring til Berkvika, for å sjå den faktiske situasjonen. Tiltakshavar krev å få delta på ei evt. Synfaring"



B.5



B.7

B.6

Skissene viser:
 Utskrift av grunnkart frå aktuelt område i Berkvika dat. 15.05.2016 og fotoserie med referansar til vorar/ anlegg angitt på grunnkart/situasjonsplan som låg som vedlegg til klaga

Det vart gjennomført synfaring i området i samband med handsaming av klage. Forvaltningsstyret var såleis godt kjent med tilhøva og hadde sett dei tiltak som vart vist til i klaga ved handsaming av saka.

Det vart i saka gjort fylgjande vedtak:

"Forvaltningsstyret finn ikkje at moment i klaga, eller gjennomført synfaring knytt til handsaming av klage, har tilført saka nye moment som gir grunn til endra haldning til saka. Forvaltningsstyret held såleis fast på sitt vedtak i sak 43/16.

Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å kome tilbake med ein ny søknad som tek utgangspunkt i det som er påpeika i saka."

Vedtaket er og i samsvar med administrasjonen si tilråding.

Ved handsaminga i Forvaltningsstyret vart det føya til eit punkt i vedtaket i høve til tilrådinga, der det heiter: (etter framlegg frå Åshild Vik):

"Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å kome tilbake med ein ny søknad som tek utgangspunkt i det som er påpeika i saka".

Klagesaka er vidareendt til Fylkesmannen og vil bli handsama der.

Søkjar/tiltakshavar vart gjennom kopi av vedtaket gjort kjent med vedtaket i saka og den oppmoding om fremjing av alternativ utbyggingsløyising som der vart vist til.

Kommunen mottok den 22.09.2016 endra søknad frå P.Mulvik as. Det heiter i søknaden:

"Vedlagt fylgjer justerte planar for steinvorar i sjøen ved tomtene 6/25 og 6/26 i Berkvika.

Ein viser til møte med administrasjonen ved teknisk etat i Volda kommune 14.09.2016.

Kommunen opnar for at tiltakshavar kan legge fram justerte planar for nye stein-vorar.


Det er utteikna eit forslag til vorar i redusert lengde ut frå land, jmf. påteikningar på vedlagte flyfoto.

Vorane er vist med horisontal overflate, då dette vil gi den tryggaste løysinga med tanke på sklisikring / islagt overflate. I tillegg vil ein vor med skrå overflate ligge under vass-skorpa ved flo sjø. Dette kan utgjere ein risiko for kryssande småbåttrafikk langs med fjøra, med fare for grunnstøyting.

Utifrå ei samla vurdering så er den justerte løysinga å sjå som ei tenleg løysing for brukarane. Den strekkjer seg fram til marabakken (som kan skimtast på flyfotoet), og er omtrent på linje med andre vorar i Berkvika.

Ein gjer merksam på at lengdeopprisset er teikna ut for tomt 6/25. For tomt 6/26 vert fasaden av steinvoren tilsvarande, men i speilvendt utgåve. Dette pga. at trefendringa skal vende inn mot felles stød. Vorane får same lengdeutstrekning frå land. Det er angitt ein mål-referanse inn mot bytelinje (kant av platting) på tomt 6/25.

Ein vonar difor at kommunen kan vurdere den forelagte justerte løysinga som vist i vedlegg til dette brev, og med håp om eit positivt utfall i favør av tiltakshavarane."



Skisser viser teikningar, profilar og beskrivelse av nytt framlegg.

Før fremjing av ny sak vart endra framlegg til tiltak drøfta i kommunen sitt administrative planforum den 2.11.2016.

Ut frå dett var administrasjonen si tilråding at tiltaket heller ikkje no er gitt ei slik form/uttrykk at det bør bli tilrådd godkjent.

Sak tilknytt handsaming av endra søknad vart fremja som sak 77/16.

Det vart der gitt fylgjande vurdering og tilråding:

"Sjølv om moloane er betydeleg redusert i lengde (frå 35m til ca 22m frå eigedomsgrense) er det framleis å sjå som molo/kailøysing og ikkje som ein vor. Tiltaket framstår såleis framleis som ein bastante konstruksjonar i fjørestrekninga. Dispensasjon for tiltaket vil gje ytterlegare privatisering av området, og vil også kunne gje presedensverknad for ei vidare negativ utvikling i dette området, og andre tilsvarande strandområde i kommunen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Tiltaket vert vurdert som uheldig sett i høve til natur og miljøomsyn. Tiltaket vert vurdert å vere negativt i høve til friluftsiinteresser." (utdrag frå saksutgreiinga).

Tilrådinga i sak var som fylgjer:

"Forvaltningsstyret finn ikkje at framlegg til endra utbyggingsform, har tilført saka nye moment som gir grunn til endra haldning til saka.

Forvaltningsstyret held såleis fast på sitt vedtak i sak 43/16, jf sak 62/16."

Forvaltningsstyret gjorde i saka fylgjande vedtak:

"1. Forvaltningsstyret vurderer dei tiltenkte vorane som eit lite terrenginngrep i ei elles mykje utbygd strandsone. Forvaltningsstyret gir difor dispensasjon frå pbl. § 1-8 og gir løyve til tiltaket.

2. Bygging av vorane vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad frå dagens situasjon, og vil heller ikkje hindre fri ferdsel i strandsona.

3. Bygging av vorane må utførast med varsemd i forhold til miljø og naturmangfald.

Begrunning:

I og med at det på tomte er bygd hytter med stød, så er difor dette eit pårekneleg og nødvendig tiltak for å beskytte båtane sine i eit verhardt område. Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naust og hyttemiljø som sikrar ei vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og det omsøkte tiltaket vil vere positivt for bygda.

Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt."

Ettersom dette er eit nytt enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, er saka sendt partar og aktuelle faginstansar med opplysningar om rett til klage, klagefrist m.m.

Innanfor gjeldande klagefrist har kommunen motteke klage over vedtak i saka frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i brev av 13.12.2016:

"Fylkesmannen har mottatt melding om vedtak gjort av forvaltningsstyret den 15.11.2016, utvalsak 77/16, der Volda kommune gir dispensasjon frå pbl § 1-8 og gir løyve til bygging av to moloar. Moloane skal vere om lag 22 meter lange (frå eigedomsgrense) med 10 meter imellom dei, 2 meter breie og utanfor den eine skal det vere ei flytebrygge på 2,5 x 5 meter i tillegg til ein landgang på 5 meter. Meldinga vart mottatt hos Fylkesmannen 23.11.2016, og Fylkesmannen var deretter på synfaring 02.12.2016.

Fylkesmannen klagar med dette på vedtaket, jf. forvaltningslova §§ 18 og 29.

Bakgrunn

Planføremålet er etter kystsoneplanen område for naust. Planen opnar ikkje for tiltak i sjøen.

Det blei 19.01.2016 søkt om dispensasjon frå kystsoneplanen for etablering av 2 «vorar» og flytebrygge. «Vorane» vil gå ut frå to fritidseigedomar; «naust med loft til fritidsbustad». Desse vart oppført etter dispensasjon frå naustføremålet i 2011. Etter vår kjennskap til omgrepet «vor», er dette ikkje dekkande for desse konstruksjonane. Ein vor tek utgangspunkt i flomålet og skrånar av utover mot marebakken/djupare vatn for å sikre tilflot ved ulike sjønivå. Omsøkte tiltak skal ha horisontal topp i støypt betong, og ytterst vil den ved fjøre sjø stikke opp om lag 2 meter over havoverflata. Vi vil difor omtale tiltaket som molo. Og når det skal vere 2 moloar med berre om lag 10 meter imellom, kan kanskje tiltaket sjåast på som eit «kaianlegg».

10.05.2016 fatta forvaltningsstyret vedtak om å avslå søknad om dispensasjon. Avslaget var grunngjeve med at tiltaket ville framstå som svært bastante konstruksjonar i ei elles lite påverka fjørestrekning. Vidare at tiltaket ville gi ytterlegare privatisering av området, i tillegg til presedensverknaden som medføre ei vidare negativ utvikling i området og andre tilsvarande strandområde i kommunen. Søkjar klaga på vedtaket og etter ny behandling den 30.08.2016, blei det halde fast på vedtaket med same grunngjeving. Det vart imidlertid gjeve ei oppmoding til søkjar om å kome tilbake med ny søknad med utgangspunkt i det som er påpeika i saka.

Tiltakshavar kom tilbake med justert søknad 22.09.2016. I denne søknaden var moloane innkorta i lengde frå opprinnelege 34 meter til om lag 22 meter frå eigedomsgrense. Søknaden var elles som før. I forvaltningsstyret si handsaming av saka i møte 15.11.2016, vart det fatta vedtak om å gi dispensasjon. I følgje vedtaket representerer tiltaket eit lite terrenginngrep i ei elles mykje utbygd strandsone, tiltaket vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad frå dagens situasjon og vil heller ikkje hindre fri ferdsel i strandsona. Grunngjevinga var elles at sidan det på tomtene er bygd hytter med stød, så er dette eit pårekneleg og nødvendig tiltak for 5 beskytte båtane i eit verutset område. Dispensasjon vil kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naust- og hyttemiljø som sikrar ei vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv. Samstundes kan tiltaket ha ein verdi for vidare busetting i området og tiltaket vil vere positivt for bygda. Dette medfører at fordelane ved tiltaket er vurdert som klart større enn ulempene.

Fylkesmannen klagar på dispensasjonsvedtaket ut frå følgjande moment:

Vurdering av natur og miljøverninteresser

Etter plan- og bygningslova § 1-8, skal det i 100-metersbeltet langs sjøen takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre almenne interesser. I saksutgreiinga blir det opplyst at moloane er redusert frå først 34 meters lengd til no 22 meter. Slik vi har vurdert saka er søknaden i realiteten ikkje endra, då moloane heile tida har vore tenkt bygd fram til marebakken. Vi kan difor ikkje forstå at moloane det er søkt om no er av mindre omfang enn ved første søknad.

Etter fylkesmannen si oppfatning, vil moloane framstå som ruvende element i strandsona. Ved fjøre sjø vil ytterste delen stikke opp om lag 2 meter over havoverflata, og utanfor den eine er det også tenkt plassert ei flytebrygge som med landgang vil strekke seg yttarlegare 10 meter ut i sjøen. Landskapsmessig vil dette bli veldig dominerande.

Fylkesmannen har vore på synfaring, og er samd i at området allereie er mykje privatisert, særleg ved at det er bygd breie støypte båtstøer som har øydelagt det meste av den naturlege fjøra. Etter det vi forstår er dette inngrep som går utover føresetnadene i kommunen sitt vedtak om dispensasjon til etablering av naust med loft til fritidsbustad, 17.11.2011. Vi er heller ikkje kjent med at det er gitt løyve til dette i andre vedtak. Dette er i tilfelle noko Volda kommune må rydde opp i og få fjerna.

Fylkesmannen held fast ved sitt syn om at dersom ein skal redusere omfanget av inngrep i strandsona, slik som § 1-8 seier, må ein unngå at alle skal ha sin eigen molo eller vor og heller etablere felles småbåthamner for alle i området. Sjølv om strandsona ikkje er inngrepsfri frå før, meiner vi at dette er tiltak som i betydeleg grad vil vere negativt for området sine kvalitetar og spesielt for landskapsverknadane. Ettersom det er gitt løyve

til «rorbuer» i bakkant av dei omsøkte moloane, som er å rekne for fritidshus, gjeld ikkje friluftsløva i forkant av bygga. Eit positivt dispensasjonsvedtak i denne saka vil imidlertid føre til presedensverknader og medverke til ei vidare utvikling med moloar i området framfor eksisterande naust der det skal vere fri ferdsle etter friluftsløva.

Konklusjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal klagar på vedtak i forvaltningsstyret i Volda kommune, utvalsak 77/16, motedato 15.11.2016, der det vart gitt dispensasjon for oppføring av to moloar med ei flytebrygge. Fylkesmannen meiner at kommunen si opprinnelege avgjerd var godt grunngjeve og vi kan ikkje sjå at det ligg føre nye forhold som tilseier ei anna vurdering av dei faktiske forholda.

Vidare saksgang

Dersom kommunen ikkje tar klaga til følgje, jf. forvaltningsloven §§ 28 og 33 andre ledd, skal ein sende saka til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling hos sette-fylkesmann."

Som settefylkesmann er oppnemnt Fylkesmannen i Sør-trøndelag.

I høve klaga har søkjar/tiltakshavar gitt fylgjande kommentar i brev av 16.01.2016:

Før vi starta søknad om vorar hadde vi møte med P.Heltne, J. Vestgarden, I. Hagen, O. Roseth og F.Busch tilstades. Her fekk vi føringar frå Heiltne vedr. utføring av vårane. Oppføring i naturstein, støypt dekke på topp og kledd med treverk mot båtplass. Bredde 2 meter. Søknad levert i henhold til dette, men her vart administrasjonen si innstilling til forvaltningstyre noko heilt anna.

10.03.16 vert det sendt skriv til fylkesmannen m/fleire. Her ordlegg Volda Kommune ved fagansvarleg Heltne at det er søkt om dispensasjon for oppføring av BETONGVORAR. Dette er direkte feil! Søknaden seier oppføring i naturstein!

30.08.16 synfaring i Berkvika med forvaltningstyret. Her vert vi som søkarar bedt om å kame med ny korrigert søknad. Det vert etter synfaring halde nytt møte med administrasjonen.

P.Heltne og J.Vestgarden kjem med nye føringar for utforming av vårane, for å imøtekomme forvaltningstyret sine innvendingar. O.Roseth leverer nye tegningar der lengde vert speifisert og flytebrygge er teken vekk. Det vert gitt eit klart Ja frå fagansvarleg, og det kunne også vere mulig å få dette gjennom administrativt i kommunen.

10.11.16 Beskjed frå P. Heltne at saka likevel må opp i forvaltningstyret. Vi blir igjen bedt om å endre søknaden. I samråd med I. Hagen, lar vi søknaden stå ved lag. Søkarar føler seg førde bak lyset av den behandling administrasjonen her viser.

15.11.16 Forvaltningstyret godkjenner søknaden

Søknaden igjen sendt til Fylkeskommunen. Det vert også halde synfaring, der kun Fylkeskommunen og Volda Kommune ved J. Vestgarden deltek. Søkar er ikkje informert noko vi synes er merkelig!

Det er igjen feil informasjon til fylkesmannen. Flytebrygge med landgang skal ikkje vere med. Høgder er ut i frå flodmål/normalvannstand og er utforma med tanke på sikkerheit for brukarar, og fri ferdsel i strandsona. Naust/Fritidsbustadane er bygd etter fastsette krav. Det er sjølsagt at stød og vorar må vere i forhold til dette. Eit sikkert og teneleg tilflot høyrer med til eit naust. Det er eit verhardt område, der alle eldre naust har kvar sine vårar. For oss er det ikkje teneleg å bruke ei eventuell småbåthavn, iom at båten skal inn og ut av naustet ved kvar bruk.

Etter at vi etablerte desse naust/fritidsbustadane er tilkomst og fri ferdsel i denne fjørestrekninga langt meir tilgjengeleg for alle. Dette vert heller ikkje forringa ved oppføring av desse to omsøkte vorane"

Helse og miljøkonsekvensar:

Vurdert i tidlegare sakshandsaming.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen endringar.

Vurdering og konklusjon:

Med grunnlag i Forvaltningsstyret sitt vedtak er det klart at forvaltningsstyret og fylkesmannen har vurdert den endra søknaden svært ulikt.

Med grunnlag i redusert lengde på vorane, klargjering av materialbruk, og at tidlegare omsøkt flytebrygge med landgang er fjerna, har forvaltningsstyret funne å kunne godkjenne endra søknad.

Fylkesmannen har i si klage heller ikkje teke inn over seg at tidlegare omsøkt flytebrygge med landgang ikkje er med i endra søknad.

Av klaga går det også fram at fylkesmannen ikkje ser på endringa som vesentleg, sjølv med ei nedkorting av planlagde vorar med 13 m lengde, og at flytebryggedelen er teken bort.

Administrasjonen og forvaltningsstyret har i si vurdering funne at dette endrar søknaden vesentleg, og at lengda er om lag i samsvar med eksisterande vorar i området og går berre ut til vist marebakkekanal, slik dette gir skjermingsbehov i høve til.

At form og uttrykk gir dette meir preg av molo/kai enn ein vor må ein vere meir samd i. Forvaltningsstyret har i sitt vedtak gjort naudsynte vurdering at i høve til dette og har kome til at dette kan godkjennast innan for ei elles mykje påverka strandsone.

"1. Forvaltningsstyret vurderer dei tiltenkte vorane som eit lite terrenginngrep i ei elles mykje utbygd strandsone.

2. Bygging av vorane vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad frå dagens situasjon, og vil heller ikkje hindre fri ferdsel i strandsona.

Begrunning:

I og med at det på tomte er bygd hytter med stød, så er difor dette eit pårekneleg og nødvendig tiltak for å beskytte båtane sine i eit verhardt område. Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naust og hyttemiljø som sikrar ei vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og det omsøkte tiltaket vil vere positivt for bygda.

Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon."

Med grunnlag i dette og dei klare feil som ligg i Fylkesmannen si vurdering av tiltaket i høve klagehandsaminga finn ein ikkje grunn til å tilrå endring av vedtaket ut frå klaga.

Det er elles berre å beklage at søkjar/tiltakshavar ikkje vart varsla ved fylkesmannen si synfaring.

For kommunen er dette ein normal prosedyre ved synfaringar.

Vi overlet til klageinstans å vurdere dette.

Når det gjeld tiltakshavar sine påstandar om feil informasjon frå sakshandsamar/Utviklingssjef finn eg ikkje grunn til å utdjupe dette vesentleg. Vi har fylgt opp dei intensjonar og den invitasjon som låg i forvaltningsstyret sitt vedtak om høve til endra søknad. At dette nye framlegget skulle handsamast vidare i forvaltningsstyret var kjent, og at dette også skulle gjennomdrøftast i kommunens administrasjon/planforum før fremjing av tilråding i saka.

.....

Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Sør -Trøndelag for vidare handsaming av klage.

Kopi:
PER MULVIK AS
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

PER MULVIK AS

Holmen 7
6100 VOLDA

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/108	13608/2016	6/ 25	SVK/ BENTKRO	23.11.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - GBR 6/25 OG 26 - VORPIRAR OG FLYTEBRYGGE VED NAUST/FRITIDSEIGEDOMAR - FRAMLEGG TIL JUSTERT UTBYGGINGSPLAN

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 15.11.2016 , hadde føre ovannemnde som sak 77/16, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Forvaltningsstyret vurderer dei tiltenkte vorane som eit lite terrenginngrep i ei elles mykje utbygd strandsone. Forvaltningsstyret gir difor dispensasjon frå pbl. § 1-8 og gir løyve til tiltaket.*
- 2. Bygging av vorane vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad frå dagens situasjon, og vil heller ikkje hindre fri ferdsel i strandsona.*
- 3. Bygging av vorane må utførast med varsemd i forhold til miljø og naturmangfald.*

Begrunning:

I og med at det på tomte er bygd hytter med stød, så er difor dette eit pårekneleg og nødvendig tiltak for å beskytte båtane sine i eit verhardt område. Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naust og hyttemiljø som sikrar ei vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og det omsøkte tiltaket vil vere positivt for bygda.

Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Klageskjema:

<https://kommune24-7.no/1519/bruker?retur=%2f1519%2f702514&shortname=702514#>

Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel
førstesekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058887	Telefaks: 70058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-----------------------	---	----------------------------

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Per Heltne
Jørgen Vestgarden

Postboks 2520	6404	MOLDE
Fylkeshuset	6404	MOLDE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/108

Arkivkode: 6/ 25

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

77/16

Forvaltningsstyret

15.11.2016

GBR 6/25 OG 26 - VORPIRAR OG FLYTEBRYGGE VED NAUST/FRITIDSEIGEDOMAR - FRAMLEGG TIL JUSTERT UTBYGGINGSPLAN

Handsaming:

Sindre Kvangardsnes, FRP, kom med følgjande alternativ tilråding til vedtak:

- 1. Forvaltningsstyret vurderer dei tiltenkte vorane som eit lite terrenginngrep i ei elles mykje utbygd strandsone. Forvaltningsstyret gir difor dispensasjon frå pbl. § 1-8 og gir løyve til tiltaket.*
- 2. Bygging av vorane vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad frå dagens situasjon, og vil heller ikkje hindre fri ferdsel i strandsona.*
- 3. Bygging av vorane må utførast med varsemd i forhold til miljø og naturmangfald.*

Begrunning:

I og med at det på tomte er bygd hytter med stød, så er difor dette eit pårekneleg og nødvendig tiltak for å beskytte båtane sine i eit verhardt område. Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naust og hyttemiljø som sikrar ei vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og det omsøkte tiltaket vil vere positivt for bygda.

Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Røysting:

Tilrådinga frå Kvangardsnes fekk fem røyster og vart vedteke.

Tilrådinga frå administrasjonen fekk fire røyster. (Sunde, Trovåg, Ilic og Flo)

Vedtak i Forvaltningsstyret - 15.11.2016

- 1. Forvaltningsstyret vurderer dei tiltenkte vorane som eit lite terrenginngrep i ei elles mykje utbygd strandsone. Forvaltningsstyret gir difor dispensasjon frå pbl. § 1-8 og gir løyve til tiltaket.*
- 2. Bygging av vorane vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad frå dagens situasjon, og vil heller ikkje hindre fri ferdsel i strandsona.*
- 3. Bygging av vorane må utførast med varsemd i forhold til miljø og naturmangfald.*

Begrunning:

I og med at det på tomta er bygd hytter med stød, så er difor dette eit pårekneleg og nødvendig tiltak for å beskytte båtane sine i eit verhardt område. Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naust og hyttemiljø som sikrar ei vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og det omsøkte tiltaket vil vere positivt for bygda.

Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje at framlegg til endra utbyggingsform, har tilført saka nye moment som gir grunn til endra haldning til saka.

Forvaltningsstyret held såleis fast på sitt vedtak i sak 43/16, jf sak 62/16.

Vedleggsliste:

Framlegg til endra plan for utbygging.

Uprenta saksvedlegg:

Forvaltningsstyre sak 43/16

Forvaltningsstyre sak 62/16

Saksopplysningar:

Forvaltningsstyret handsama den 10.05.16, som sak 43/16, søknad om løyve til oppføring av vorar og flytebygg ved naust/fritidstomter på eigedomane gnr 6 bnr 25 og 26 i Berkvika.

I saka vart det gjort slikt vedtak: (mot ei røyst):

"Forvaltningsstyret finn at omsøkte tiltak vil framstå som svært bastante konstruksjonar i ei elles lite påverka fjørestrekning. Dispensasjon for tiltaket vil gje ytterlegare privatisering av området, og vil også kunne gje presedensverknad for ei vidare negativ utvikling i dette området, og andre tilsvarende strandområde i kommunen.

Ut frå dette finn ein ikkje å ville gje dispensasjon frå reglane i plan og bygningslova §1-8 for tiltaket."

Etter klage over vedtaket vart saka handsama på ny som sak PS 62/16 i Forvaltningsstyret den 30.08.16, der det vart gjort slikt vedtak:

"Forvaltningsstyret finn ikkje at moment i klaga, eller gjennomført synfaring knytt til handsaming av klage, har tilført saka nye moment som gir grunn til endra haldning til saka.

Forvaltningsstyret held såleis fast på sitt vedtak i sak 43/16.

Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å kome tilbake med ein ny søknad som tek utgangspunkt i det som er påpeika i saka."

Det vart gjennomført synfaring i området i samband med handsaming av klage.

Ved handsaminga i Forvaltningsstyret vart det føya til eit punkt i vedtaket etter framlegg frå Åshild Vik:

"Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å kome tilbake med ein ny søknad som tek utgangspunkt i det som er påpeika i saka".

Klagesaka er vidaresendt til Fylkesmannen og vil bli handsama der.

Med grunnlag i tilleggspunktet i vedtaket har søkjar i møte med kommunen fremja eit justert framlegg til utforming av planlagt tiltak.

Eg viser til vedlagde teikningar, profilar og beskrivelse av nytt framlegg.

Administrasjonen har drøfta det nye framlegget i administrativt planforum den 2.11.2016. Ein har her konkludert med at tiltaket heller ikkje no er gitt ei slik form/uttrykk at det bør godkjennast.

Sjølv om moloane er betydeleg redusert i lengde (frå 35m til va 22m frå eigedomsgrense) er det framleis å sjå som molo/kailøysing og ikkje som ein vor. Tiltaket framstår såleis framleis som ein bastante konstruksjonar i fjørestrekninga. Dispensasjon for tiltaket vil gje ytterlegare privatisering av området, og vil også kunne gje presedensverknad for ei vidare negativ utvikling i dette området, og andre tilsvarande strandområde i kommunen.

Helse og miljøkonsekvensar:

[Tiltaket](#) vert vurdert som uheldig sett i høve til natur og miljøomsyn. Tiltaket vert vurdert å vere negativt i høve til friluftsjntresser.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for kommunal økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen vesentlege.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

P. Mulvik as, v/ idar@ mulvik.no

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Volda kommune - Utvikling

VOLDA KOMMUNE	
Saksnummer: 2016/108	Saksbehandler: Utv
Løpnummer: 1	Saksbehandler: Perhel
26 SEPT 2016	
Arkivnummer: BY66	
Klassering: P: 6/25	
Klassering: S:	

Volda kommune
Avd. Utvikling
Rådhuset

6100 Volda

Dykkar ref.: Arkivsak nr. 2016/108 Heltne/ Vestgarden

Volda 22.09.2016

Sentral: 70 07 49 00

Kontor: 70 07 49 93

Mobil: 91 58 98 79

Vår ref.: Idar Hagen

Gnr. 6, bnr. 25 og 26 i Volda kommune
Tiltakshavar: Sissel Berkvik og Janne Berkvik
Tiltak: Vør-pirar – justerte planar

Vedlagt følger justerte planar for steinvorar i sjøen ved tomtene 6/25 og 6/26 i Berkvika.

Ein viser til møte med administrasjonen ved teknisk etat i Volda kommune 14.09.2016. Kommunen opnar for at tiltakshavar kan legge fram justerte planar for nye stein-vorar.

Det er utteikna eit forslag til vorar i redusert lengde ut frå land, jmf. påteikningar på vedlagte flyfoto.

Vorane er vist med horisontal overflate, då dette vil gi den tryggaste løysinga med tanke på sklisikring / islagt overflate. I tillegg vil ein vor med skrå overflate ligge under vass-skorpa ved flo sjø. Dette kan utgjere ein risiko for kryssande småbåttrafikk langs med fjøra, med fare for grunnstøyting.

Utifrå ei samla vurdering så er den justerte løysinga å sjå som ei tenleg løysing for brukarane. Den strekkjer seg fram til marabakken (som kan skimtast på flyfotoet), og er omtrent på linje med andre vorar i Berkvika.

Ein gjer merksam på at lengdeopprisset er teikna ut for tomt 6/25. For tomt 6/26 vert fasaden av steinvoren tilsvarande, men i speilvendt utgåve. Dette pga. at trefendringa skal vende inn mot felles stød. Vorane får same lengdeutstrekning frå land. Det er angitt ein mål-referanse inn mot bytelinje (kant av platting) på tomt 6/25.

Ein vonar difor at kommunen kan vurdere den forelagte justerte løysinga som vist i vedlegg til dette brev, og med håp om eit positivt utfall i favør av tiltakshavarane.

Per Mulvik AS

Idar Hagen

- siv.ing -

- Flyfoto m/ innteikna justert plan for nye vorar dat. 21.09.2016
- Skjematisk oppriss av vor for tomt 6/25 dat. 22.09.2016



Sunnmørskart
Flyfoto

Nye vørar 6/25 og 6/26


Dato: 21.09.2016



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

© Norkart AS

6/25 og 6/26



Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Tegnet	Kontr.	Godkjent	
Steinvorar 6/25 og 6/26 Berkvik Typisk oppriss 6/25		Målestokk 1: 200	Dato	22 september 2016		
			Tegnet	IH		
			Kontr.			
			Godkjent			
		Arkiv bet.				
		Erstatn. for				
		Tegning nr. 2238 -102			Rev.	



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
13.12.2016
Dykkar dato
23.11.2016

Vår ref.
2016/1615/KABJ/421.3
Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Volda kommune	
2016/108	
Løpnr	Sns Perhel
15 DES 2016	
Arvnr	BYGG
Klassifisering	6/25
Klassifisering	

Volda kommune

Vedtak om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8 for 2 moloar og flytebrygge ved naust / fritidseigedomar pågnr6 bnr25 og bnr26 - Klage

Fylkesmannen har mottatt melding om vedtak gjort av forvaltningsstyret den 15.11.2016, utvalsak 77/16, der Volda kommune gir dispensasjon frå pbl § 1-8 og gir løyve til bygging av to moloar. Moloane skal vere om lag 22 meter lange (frå eigedomsgrense) med 10 meter imellom dei, 2 meter breie og utanfor den eine skal det vere ei flytebrygge på 2,5 x 5 meter i tillegg til ein landgang på 5 meter. Meldinga vart mottatt hos Fylkesmannen 23.11.2016, og Fylkesmannen var deretter på synfaring 02.12.2016.

Fylkesmannen klagar med dette på vedtaket, jf. forvaltningslova §§ 18 og 29.

Bakgrunn

Planføremålet er etter kystsoneplanen område for naust. Planen opnar ikkje for tiltak i sjøen.

Det blei 19.01.2016 søkt om dispensasjon frå kystsoneplanen for etablering av 2 «vorar» og flytebrygge. «Vorane» vil gå ut frå to fritidseigedomar; «naust med loft til fritidsbustad». Desse vart oppført etter dispensasjon frå naustføremålet i 2011. Etter vår kjennskap til omgrepet «vor», er dette ikkje dekkande for desse konstruksjonane. Ein vor tek utgangspunkt i flomålet og skrånar av utover mot marebakken/djupare vatn for å sikre tilflot ved ulike sjønivå. Omsøkte tiltak skal ha horisontal topp i støypt betong, og ytterst vil den ved fjøre sjø stikke opp om lag 2 meter over havoverflata. Vi vil difor omtale tiltaket som molo. Og når det skal vere 2 moloar med berre om lag 10 meter imellom, kan kanskje tiltaket sjåast på som eit «kaianlegg».

10.05.2016 fatta forvaltningsstyret vedtak om å avslå søknad om dispensasjon. Avslaget var grunngjeve med at tiltaket ville framstå som svært bastante konstruksjonar i ei elles lite påverka fjørestrekning. Vidare at tiltaket ville gi ytterlegare privatisering av området, i tillegg til presedensverknaden som medføre ei vidare negativ utvikling i området og andre tilsvarande strandområde i kommunen. Søkjar klaga på vedtaket og etter ny behandling den 30.08.2016, blei det halde fast på vedtaket med same grunngjeving. Det

vart imidlertid gjeve ei oppmoding til søkjar om å kome tilbake med ny søknad med utgangspunkt i det som er påpeika i saka.

Tiltakshavar kom tilbake med justert søknad 22.09.2016. I denne søknaden var moloane innkorta i lengde frå opprinnelege 34 meter til om lag 22 meter frå eigedomsgrense. Søknaden var elles som før. I forvaltningsstyret si handsaming av saka i møte 15.11.2016, vart det fatta vedtak om å gi dispensasjon. Ifølgje vedtaket representerer tiltaket eit lite terrenginngrep i ei elles mykje utbygd strandsone, tiltaket vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad frå dagens situasjon og vil heller ikkje hindre fri ferdsel i strandsona. Grunngevinga var elles at sidan det på tomtene er bygd hytter med stø, så er dette eit pårekneleg og nødvendig tiltak for å beskytte båtane i eit verutset område. Dispensasjon vil kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naust- og hyttemiljø som sikrar ei vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv. Samstundes kan tiltaket ha ein verdi for vidare busetting i området og tiltaket vil vere positivt for bygda. Dette medfører at fordelane ved tiltaket er vurdert som klart større enn ulempene.

Fylkesmannen klagar på dispensasjonsvedtaket ut frå følgjande moment:

Vurdering av natur og miljøverninteresser

Etter plan- og bygningslova § 1-8, skal det i 100-metersbeltet langs sjøen takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. I saksutgreiinga blir det opplyst at moloane er redusert frå først 34 meters lengd til no 22 meter. Slik vi har vurdert saka er søknaden i realiteten ikkje endra, då moloane heile tida har vore tenkt bygd fram til marebakken. Vi kan difor ikkje forstå at moloane det er søkt om no er av mindre omfang enn ved første søknad.

Etter fylkesmannen si oppfatning, vil moloane framstå som ruvande element i strandsona. Ved fjøre sjø vil ytterste delen stikke opp om lag 2 meter over havoverflata, og utanfor den eine er det også tenkt plassert ei flytebrygge som med landgang vil strekke seg ytterlegare 10 meter ut i sjøen. Landskapsmessig vil dette bli veldig dominerande.

Fylkesmannen har vore på synfaring, og er samd i at området allereie er mykje privatisert, særleg ved at det er bygd breie støypte båtstøer som har øydelagt det meste av den naturlege fjøra. Etter det vi forstår er dette inngrep som går utover føresetnadene i kommunen sitt vedtak om dispensasjon til etablering av naust med loft til fritidsbustad, 17.11.2011. Vi er heller ikkje kjent med at det er gitt løyve til dette i andre vedtak. Dette er i tilfelle noko Volda kommune må rydde opp i og få fjerna.

Fylkesmannen held fast ved sitt syn om at dersom ein skal redusere omfanget av inngrep i strandsona, slik som § 1-8 seier, må ein unngå at alle skal ha sin eigen molo eller vor og heller etablere felles småbåthamner for alle i området. Sjølv om strandsona ikkje er inngrepsfri frå før, meiner vi at dette er tiltak som i betydeleg grad vil vere negativt for området sine kvalitetar og spesielt for landskapsverknadane. Ettersom det er gitt løyve til «rorbuer» i bakkant av dei omsøkte moloane, som er å rekne for fritidshus, gjeld ikkje friluftslova i forkant av bygga. Eit positivt dispensasjonsvedtak i denne saka vil imidlertid

føre til presedensverknader og medverke til ei vidare utvikling med moloar i området framfor eksisterande naust der det skal vere fri ferdsle etter friluftsløva.

Konklusjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal klagar på vedtak i forvaltningsstyret i Volda kommune, utvalsak 77/16, møtedato 15.11.2016, der det vart gitt dispensasjon for oppføring av to moloar med ei flytebrygge. Fylkesmannen meiner at kommunen si opprinnelege avgjerd var godt grunngjeve og vi kan ikkje sjå at det ligg føre nye forhold som tilseier ei anna vurdering av dei faktiske forholda.

Vidare saksgang

Dersom kommunen ikkje tar klaga til følge, jf. forvaltningsloven §§ 28 og 33 andre ledd, skal ein sende saka til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling hos sette-fylkesmann.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
miljøverndirektør

Jon Ivar Eikeland
fagsjef - plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

Til
Volda kommune
v/ postmottak

Vedlagt kommentar-brev frå tiltakshavar i samband med klagehandsaming av byggetiltak i Forvaltningsstyret.

Saka gjeld **arkivsaksnr. 2016/ 108.**

Tiltak: Steinvorar gnr.6, bnr. 25 og 26 i Berkvika

Ein ber om at vedlagte skriv vert teke med som saksdokumenter for utsending før neste møte i Forvaltningsstyret
07.02.2017.

Mvh Idar Hagen
Per Mulvik AS
-Ansv. søkjar -

«Gnr.6, bnr. 25 og 26.

Kommentarar/ innspel i samband med klagesak vedr. steinvorar i Berkvika

Arkivsaksnr: 2016/ 108 Heltne/ Vestgarden «

Før vi starta søknad om vorar hadde vi møte med P.Heltne, J. Vestgarden, I. Hagen, O. Roseth og F. Busch tilstades. Her fekk vi føringar frå Heltne vedr. utføring av vårane. **Oppføring i naturstein , støypet dekke på topp og kledd med treverk mot båtplass. Bredde 2 meter.** Søknad levert i henhold til dette, men her vart administrasjonen si innstilling til forvaltningstyre noko heilt anna. Sjå vedlegg 1

10.03.16 vert det sendt skriv til fylkesmannen m/fleire. Her ordlegg Volda Kommune ved fagansvarleg Heltne at det er søkt om dispensasjon for oppføring av **BETONGVORAR**. Sjå vedlegg 2 **Dette er direkte feil!** Søknaden seier oppføring i naturstein!

30.08.16 synfaring i Berkvika med forvaltningstyre. Her vert vi som søkarar bedt om å kome med ny korrigerd søknad. Det vert etter synfaring halde nytt møte med administrasjonen. P.Heltne og J.Vestgarden kjem med nye føringar for utforming av vårane, for å imøtekome forvaltningstyre sine innvendingar. O.Roseth **leverer nye tegningar der lengde vert speifisert og flytebrygge er teken vekk**. Det vert gitt eit klart Ja frå fagansvarleg, og det kunne også vere mulig å få dette gjennom administrativt i kommunen.

10.11.16 Beskjed frå P.Heltne at at saka likevel må opp i forvaltningstyre. Vi blir igjen bedt om å endre søknaden. I samråd med I. Hagen, lar vi søknaden stå ved lag. **Søkarar føler seg førde bak lyset av den behandling administrasjonen her viser.**

15.11.16 Forvaltningstyre godkjenner søknaden

Søknaden igjen sendt til Fylkeskommunen. **Det vert også halde synfaring, der kun Fylkeskommunen og Volda Kommune ved J.Vestgarden deltek. Søkar er ikkje informert noko vi synes er merkelig!** Det er igjen feil informasjon til fylkesmannen. Flytebrygge med landgang skal ikkje vere med. Høgder er utifrå flodmål/normalvannstand og er utforma med tanke på sikkerheit for brukarar, og fri ferdsel i strandsona. Sjå vedlegg 3

Naust/Fritidsbustadane er bygd etter fastsette krav. **Det er sjølsagt at stød og vorar må vere i forhold til dette. Eit sikkert og teneleg tilflot høyrer med til eit naust.** Det er eit verhardt område, der alle eldre naust har kvar sine vårar. For oss er det ikkje teneleg å bruke ei eventuell småbåthavn, iom at båten skal inn og ut av naustet ved kvar bruk.

Etter at vi etablerte desse naust/fritidsbustadane er tilkomst og fri ferdsel i denne fjørestrekninga langt meir tilgjengeleg for alle. Dette vert heller ikkje forringa ved oppføring av desse to omsøkte vorane

16/1-17 Jann Berthel
Sissel Roseth.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/108

Arkivkode: 6/ 25

Utvalsaksnr 43/16
Utval ForvaltningsstyretMøtedato
10.05.2016GBR 6/25 OG 26 - BERKVIKA - VORAR OG FLYTEBRYGGE VED
NAUST/FRITIDSEIGEDOMAR**Handsaming:****Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken. Ein røysta mot (Kvangarsnes).

Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016

Forvaltningsstyret finn at omsøkte tiltak vil framstå som svært bastante konstruksjonar i ei elles lite påverka fjørestrekning. Dispensasjon for tiltaket vil gje ytterlegare privatisering av området, og vil også kunne gje presedensverknad for ei vidare negativ utvikling i dette området, og andre tilsvarande strandområde i kommunen.

Ut frå dette finn ein ikkje å ville gje dispensasjon frå reglane i plan og bygningslova §1-8 for tiltaket.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn at omsøkte tiltak vil framstå som svært bastante konstruksjonar i ei elles lite påverka fjørestrekning. Dispensasjon for tiltaket vil gje ytterlegare privatisering av området, og vil også kunne gje presedensverknad for ei vidare negativ utvikling i dette området, og andre tilsvarande strandområde i kommunen.

Ut frå dette finn ein ikkje å ville gje dispensasjon frå reglane i plan og bygningslova §1-8 for tiltaket.



Fylkesmannen m.fl
jf adresseliste

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/108	2990/2016	6/ 25	UTV/ PERHEL	10.03.2016

**GBR 6/25 OG 26 - VORPIRAR OG FLYTEBRYGGE VED
NAUST/FRITIDSEIGEDOMAR - HØYRING**

Vedlagt følger kopi av søknad om dispensasjon frå plan for oppføring av "betongvorare" ved naust/fritidshus i Berkvika.

Eigedomane er i gjeldande plan, kystsoneplan vist som naustområde.

Det er seinare ved eigen dispensasjonshandsaming gitt løyve til kombinert bygg for naust/fritidsbruk.

Det er i plan ikkje sagt noko om tiltak i sjøen framfor byggeområda.

Arealet her ligg såleis som sjøområde for natur, fiske, ferdsel og friluftsliv.

Før vidare handsaming i kommunen ber vi om dykkar uttale.
Frist for uttale vert sett til 21.04.2016.

Med helsing

.....
Per Heltne
fagansvarleg, plan

Kopi: Søkjar til orientering.

Adresseliste: (sendt pr e-post)
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Kystverket
Fiskeridirektoratet
Volda kommune Teknisk sektor

Volda kommune
Avd. Utvikling
Rådhuset

6100 Volda

Dykkar ref.: Arkivsak nr. 2016/108 Hellne/ Vestgarden

Volda 22.09.2016

Sentral: 70 07 49 00

Kontor: 70 07 49 93

Mobil: 91 58 98 79

Vår ref.: Idar Hagen

Gnr. 6, bnr. 25 og 26 i Volda kommune
Tiltakshavar: Sissel Berkvik og Janne Berkvik
Tiltak: Vør-pirar – justerte planar

Vedlagt fylgjer justerte planar for steinvorar i sjøen ved tomtene 6/25 og 6/26 i Berkvika.

Ein viser til møte med administrasjonen ved teknisk etat i Volda kommune 14.09.2016. Kommunen opnar for at tiltakshavar kan legge fram justerte planar for nye stein-vorar.

Det er utteikna eit forslag til vorar i redusert lengde ut frå land, jmf. påteikningar på vedlagte flyfoto.

Vorane er vist med horisontal overflate, då dette vil gi den tryggaste løysinga med tanke på sklisikring / islagt overflate. I tillegg vil ein vor med skrå overflate ligge under vass-skorpa ved flo sjø. Dette kan utgjere ein risiko for kryssande småbåttrafikk langs med fjøra, med fare for grunnstøyting.

Utifrå ei samla vurdering så er den justerte løysinga å sjå som ei tenleg løysing for brukarane. Den strekkjer seg fram til marabakken (som kan skimtast på flyfotoet), og er omtrent på linje med andre vorar i Berkvika.

Ein gjer merksam på at lengdeopprisset er teikna ut for tomt 6/25. For tomt 6/26 vert fasaden av steinvoren tilsvarande, men i speilvendt utgåve. Dette pga. at trefendringa skal vende inn mot felles stød. Vorane får same lengdeutstrekning frå land. Det er angitt ein mål-referanse inn mot bytelinje (kant av platting) på tomt 6/25.

Ein vonar difor at kommunen kan vurdere den forelagte justerte løysinga som vist i vedlegg til dette brev, og med håp om eit positivt utfall i favør av tiltakshavarane.

Per Mulvik AS

Idar Hagen

- siv.ing -

- Flyfoto m/ innteikna justert plan for nye vorar dat. 21.09.2016
- Skjematisk oppriss av vor for tomt 6/25 dat. 22.09.2016



**DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT**

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
Postboks 4710, Sluppen
7468 TRONDHEIM

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2016/108	Ans. 404
Løpnr.	Shs Terhel
30 JAN 2017	
Arkivdel: BY66	
Klassering P: 6/25	
Klassering S:	

Deres ref

Vår ref

Dato

17/316-2

26.01.2017

Oppnevning av settefylkesmann – klage etter plan- og bygningsloven

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i brev 10.01.2017 erklært seg inhabil etter forvaltningsloven § 6 andre ledd til å behandle vedlagte klagesak fra Volda kommune. Klagen gjelder avslag på søknad om dispensasjon for etablering av vorrer og flytebrygge ved naust/fritidseiendom på gnr. 6, bnr. 25 og 26 i Berkvika.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ikke merknader til fylkesmannens habilitetsvurdering, og oppnevner med dette Fylkesmannen i Sør-Trøndelag som settefylkesmann til å behandle og avgjøre saken. Hjemmel for oppnevningsvedtaket er forvaltningsloven § 9 andre ledd, jf. kgl.res. 10.11.1988.

Sakens dokumenter følger vedlagt.

Med hilsen

Med hilsen

Unni Augland Eik (e.f.)
seniorrådgiver

Mari Mæland
seniorkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Kopi uten vedlegg:

Per Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda

Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde

Vedlegg 1

Side 2